

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1221/2009

2016/EØS/64/20

av 25. november 2009

om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

organisasjonar til å offentliggjere nøyaktige rapportar om prestasjonane sine når det gjeld miljøutvikling eller berekraftig utvikling, med ei stadfesting frå uavhengige organ.

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 175 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I artikkel 2 i traktaten er det fastsett at Fellesskapet mellom anna har til oppgåve å fremje ein berekraftig vekst i heile Fellesskapet.
- 2) I europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1600/2002/EF av 22. juli 2002 om fastsettelse av Fellesskapets sjette miljøhandlingsprogram⁽⁴⁾ er betre samarbeid og partnarsskap med føretak peikt ut som ein strategi for å oppnå miljømåla. Frivillig forplikting utgjer ein svært viktig del av dette. I denne samanhengen vert det rekna som naudsynt å oppmuntre til ei større deltaking i fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) og å utvikle initiativ som oppmuntrar

- 3) I kommisjonsmeldinga av 30. april 2007 om førebels revisjon av det sjette fellesskapshandlingsprogrammet for miljø vert det lagt vekt på at verkemåten til frivillige ordningar som er utarbeidde for industrien, må betrast, og at desse ordningane har eit stort potensial, men er enno ikkje vortne utvikla fullt ut. Kommisjonen vert oppmoda om å revidere ordningane for å fremje deltakinga i dei, og for å redusere den administrative byrda som er knytt til forvaltinga av dei.

- 4) I kommisjonsmeldinga av 16. juli 2008 om berekraftig forbruk og produksjon og om ein berekraftig handlingsplan for industripolitikk vert det lagt vekt på at EMAS hjelper organisasjonar med å optimere produksjonsprosessane deira, redusere miljøverknadene og utnytte ressursane meir effektivt.

- 5) For å fremje ei samanhengande tilnærming mellom dei rettsaktene som vert utarbeidde på fellesskapsplan når det gjeld miljøvern, bør Kommisjonen og medlemsstatane vurdere korleis det kan takast omsyn til EMAS-registrering ved utarbeidinga av regelverk, eller korleis slik registrering kan nyttast som eit verktøy for å gjennomføre regelverket. For å gjere EMAS meir attraktiv for organisasjonar bør dei òg ta omsyn til EMAS i innkjøpspolitikken sin, og, der det er føremålstenleg, vise til EMAS eller tilsvarende miljøstyringsordningar som vilkår for gjennomføring av bygge- og anleggskontraktar og kontraktar om tenesteyting.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 342 av 22.12.2009, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 136/2012 av 13. juli 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 63 av 8.11.2012, s. 19.

⁽¹⁾ Fråsegn gjeven 25. februar 2009 (enno ikkje offentliggjord i TEU).

⁽²⁾ TEU C 120 av 28.5.2009, s. 56.

⁽³⁾ Europaparlamentsfråsegn av 2. april 2009 (enno ikkje offentliggjord i TEU), og rådsavgjerd av 26. oktober 2009.

⁽⁴⁾ TEF L 242 av 10.9.2002, s. 1.

- 6) I artikkel 15 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 av 19. mars 2001 om frivillig deltaking for organisasjoner i en fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾ er det fastsett at Kommisjonen skal gå gjennom EMAS-ordninga på nytt på bakgrunn av røynslene med bruken av ordninga, og om naudsynt gjere framlegg om føremålstenlege endringar for Europaparlamentet og Rådet.
- 7) Bruken av miljøstyringsordningar, medrekna EMAS slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 761/2001, har synt seg å vere effektiv for å fremje betre miljøprestasjonar hjå organisasjonar. Det er likevel behov for å auke talet på organisasjonar som tek del i ordninga, slik at den samla verknaden av miljøbetringane vert endå større. Difor bør røynslene frå gjennomføringa av den nemnde forordninga nyttast til å betre føresetnadene for at EMAS skal kunne betre den samla miljøprestasjonen til organisasjonane.
- 8) Organisasjonane bør oppmuntrast til å ta del i EMAS på frivillig grunnlag og vil kunne ha føremøner av slik deltaking både med omsyn til kontroll frå styresmaktene, kostnadssparing og offentlig omdømme, på det vilkåret at dei er i stand til å påvise ei betring av miljøprestasjonen sin.
- 9) EMAS bør gjerast tilgjengeleg for alle organisasjonar, både i og utanfor Fellesskapet, som driv verksemd som har ein miljøverknad. EMAS bør gje desse organisasjonane eit middel til å styre denne verknaden og til å betre den samla miljøprestasjonen sin.
- 10) Organisasjonane, særleg små organisasjonar, bør oppmuntrast til å ta del i EMAS. Deltakinga deira bør fremjast gjennom å lette tilgangen deira til informasjon, til eksisterande støttemidlar og til offentlege institusjonar, og ved å innføre eller fremje tiltak for teknisk støtte.
- 11) Organisasjonar som gjennomfører andre miljøstyringsordningar, og som ønskjer å byte til EMAS, bør kunne gjere dette så enkelt som mogleg. Tilknytning til andre miljøstyringsordningar bør vurderast.
- 12) Organisasjonar som har område i ein eller fleire medlemsstatar, bør kunne registrere heile området eller delar av dei i ei samla registrering.
- 13) Ordninga for å fastsetje om ein organisasjon etterlever alle gjeldande lovfesta miljøkrav, bør styrkjast for å gjere EMAS meir truverdig, og framfor alt for å gjere det mogleg for medlemsstatane å redusere den administrative byrda for EMAS-registrerte organisasjonar i form av færre eller enklare reglar.
- 14) Ved gjennomføringa av EMAS bør arbeidstakarane i organisasjonen ta aktivt del, ettersom dette vil gjere arbeidet deira meir tilfredsstillande og auke kunnskapen deira om miljøspørsmål, noko som òg kan vere nyttig både i og utanfor arbeidsmiljøet.
- 15) EMAS-logoen bør vere eit attraktivt verktøy for organisasjonane med omsyn til kommunikasjon og marknadsføring, noko som kan auke medvitet om EMAS blant kjøparar og andre aktørar. Reglane for bruk av EMAS-logoen bør gjerast enklare ved at det berre vert nytta éin logo, og eksisterande restriksjonar bør fjernast, bortsett frå dei som gjeld produkt og emballasje. Det bør ikkje vere mogleg å forveksle logoen med andre miljømerke som er påførte produkt.
- 16) Kostnader og gebyr knytte til EMAS-registrering bør vere rimelege og stå i høve til storleiken på organisasjonen og omfanget av det arbeidet som skal gjerast av dei rette organa. Utan at det rører ved reglane for statsstøtte i traktaten bør det vurderast om små organisasjonar kan få unntak eller reduksjonar når det gjeld betaling av gebyr.
- 17) Organisasjonane bør jamleg utarbeide og offentliggjere miljøfråsegner med opplysningar til ålmenta og andre partar som det gjeld, om korleis dei etterlever dei gjeldande lovfesta miljøkrava – og om miljøprestasjonen sin.
- 18) For å sikre at informasjonen er relevant og kan jamførast, bør rapporteringa om miljøprestasjonane til organisasjonane byggje på allmenne og sektorspesifikke ytingsindikatorar som legg vekt på dei viktigaste miljøområda på prosess- og produktnivå, ved hjelp av føremålstenlege standardverdiar for referansemåling og klassifiseringar. Dette vil vere til hjelp for organisasjonane slik at dei kan jamføre eigne miljøprestasjonar både i ulike rapporteringsperiodar og med miljøprestasjonane til andre organisasjonar.

⁽¹⁾ TEF L 114 av 24.4.2001, s. 1.

- 19) Medlemsstatane bør utveksle opplysningar og samarbeide om å utarbeide referansedokument som m.a. omfattar beste miljøstyringspraksis og indikatorar for miljøprestasjon for visse sektorar. Disse dokumenta bør medverke til at organisasjonane lettare kan konsentrere seg om dei viktigaste miljøaspekta innanfor ein viss sektor.
- 20) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 765/2008 av 9. juli 2008 om fastsettelse av kravene til akkreditering og markedstilsyn for markedsføring av produkter⁽¹⁾ inneheld føresegner om akkreditering på nasjonalt og europeisk plan, og utgjer ei overordna ramme for akkreditering. I denne forordninga bør desse reglane utfyllast i den grad det er naudsynt, samstundes som det vert teke omsyn til særtekka ved EMAS, t.d. behovet for å sikre eit høgt truverd i høve til aktørane, særleg medlemsstatane, og meir spesifikke reglar bør fastsetjast der dette er føremålstenleg. EMAS-føresegnene bør sikre og stadig auke kompetansen til miljøkontrollørane ved å syte for ei uavhengig og nøytral akkrediterings- eller lisensordning og opplæring og eigna tilsyn med verksemda deira, for såleis å garantere at EMAS-ordninga er open og truverdig for dei organisasjonane som tek del i ordninga.
- 21) Når ein medlemsstat vel å ikkje nytte akkreditering for EMAS, bør artikkel 5 nr. 2 i forordning (EF) nr. 765/2008 nyttast.
- 22) Medlemsstatane og Kommisjonen bør setje i verk tiltak for å fremje og støtte ordninga.
- 23) Utan at det rører ved reglane for statsstøtte i traktaten bør medlemsstatane innføre stimuleringstiltak for registrerte organisasjonar, t.d. ved å gje tilgang til finansiering eller skattemessige føremoner innanfor ramma av ordningar som støttar miljøprestasjonen innanfor industrien, på det vilkåret at organisasjonane kan påvise at dette betrar miljøprestasjonen deira.
- 24) Medlemsstatane og Kommisjonen bør utarbeide og gjennomføre særlege tiltak med sikte på at fleire organisasjonar, særleg små organisasjonar, tek del i EMAS.
- 25) For å sikre ein harmonisert bruk av denne forordninga bør Kommisjonen, på grunnlag av eit prioritetsprogram, utarbeide sektorvise referansedokument på det området som er omfatta av denne forordninga.
- 26) Dersom det er naudsynt, og i lys av dei røynslene som er gjorde, bør denne forordninga reviderast innan fem år etter at ho tek til å gjelde.
- 27) Forordning (EF) nr. 761/2001 vert bytt ut med denne forordninga, og bør difor opphevast.
- 28) Ettersom relevante føresegner i kommisjonsrekommendasjon 2001/680/EF av 7. september 2001 om retningslinjer for gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 om frivillig deltaking for organisasjonar i en fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽²⁾ og kommisjonsrekommendasjon 2003/532/EF av 10. juli 2003 om retningslinjer for gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 om frivillig deltakelse for organisasjonar i en fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) med hensyn til valg og bruk av indikatorer for miljøprestasjon⁽³⁾ er tekne inn i denne forordninga, bør desse rettsaktene ikkje lenger nyttast, ettersom dei vert avløyste av denne forordninga.
- 29) Ettersom måla for denne forordninga, som er å skape ei einsarta, truverdig ordning og unngå innføring av ulike nasjonale ordningar, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane og difor på grunn av omfanget og verknadene av forordninga betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla.
- 30) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne forordninga, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er gitt Kommisjonen⁽⁴⁾.
- 31) Kommisjonen bør særleg få fullmakt til å fastsetje framgangsmåtar for fagfellevurdering av rette organ, for utarbeiding av sektorvise referansedokument, for godkjenning av eksisterande miljøstyringsordningar eller delar av slike som er i samsvar med tilsvarende krav i denne forordninga, og for endring av vedlegg I–VIII. Ettersom desse tiltaka er allmenne og har som føremål å endre ikkje-grunnleggjande føresegner i denne forordninga, m.a. ved å utfylle henne med nye ikkje-grunnleggjande føresegner, skal dei vedtakast etter den framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er fastsett i artikkel 5a i avgjerd 1999/468/EF.
- 32) Ettersom det tek ei viss tid før det kjem på plass rammer som sikrar at denne forordninga verkar på ein tilfredsstillande måte, bør medlemsstatane få ein frist på tolv månader etter at denne forordninga tek til å gjelde, til å endre dei framgangsmåtane som vert nytta av akkrediteringsorgana og dei rette organa, slik at dei vert i samsvar med dei tilsvarende føresegnene i denne forordninga. Innanfor denne fristen på tolv månader bør akkrediteringsorgan og rette organ framleis kunne nytte dei framgangsmåtane som er fastsette i medhald av forordning (EF) nr. 761/2001 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

⁽²⁾ TEF L 247 av 17.9.2001, s. 1.⁽³⁾ TEU L 184 av 23.7.2003, s. 19.⁽⁴⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.⁽¹⁾ TEU L 218 av 13.8.2008, s. 30.

KAPITTEL I

ALLMENNE FØRESEGNER

Artikkel 1

Føremål

Det vert innført ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon, heretter kalla «EMAS», som organisasjonar i eller utanfor Fellesskapet kan ta del i på frivillig grunnlag.

Føremålet med EMAS, som er eit viktig verktøy i handlingsplanen for berekraftig forbruk og produksjon og for ein berekraftig industripolitikk, er å fremje ei kontinuerleg betring av miljøprestasjonen til organisasjonar ved at organisasjonane innfører og gjennomfører miljøstyringsordningar, ei jamleg, systematisk og objektiv vurdering av resultatet av desse ordningane, informasjon om miljøprestasjonar, ein open dialog med ålmenta og andre partar som det gjeld, og ei aktiv deltaking i organisasjonane av arbeidstakarane, og med tilstrekkeleg opplæring.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga tyder:

1. «miljøpolitikk» dei overordna måla og retningslinjene til ein organisasjon med omsyn til miljøprestasjonen hans slik dei formelt er uttrykte av den øvste leiinga i organisasjonen, medrekna etterleving av alle gjeldande lovfesta miljøkrav, og dessutan ei plikt til kontinuerleg betring av miljøprestasjonen. Miljøpolitikken gjev ei ramme for handling og for fastsetjinga av miljømål og miljødeltmål,
2. «miljøprestasjon» målbare resultat av måten ein organisasjon styrer miljøaspekta sine på,
3. «etterleving av regelverket» full gjennomføring av gjeldande lovfesta miljøkrav, medrekna vilkår for løyve,
4. «miljøaspekt» eit element i verksemda, produkta eller tenestene til ein organisasjon, som har eller kan ha ein miljøverknad,
5. «vesentleg miljøaspekt» eit miljøaspekt som har eller kan ha ein vesentleg miljøverknad,
6. «direkte miljøaspekt» eit miljøaspekt som er knytt til verksemda, produkta og tenestene til sjølve organisasjonen, og som han har direkte styringsmessig kontroll over,
7. «indirekte miljøaspekt» eit miljøaspekt som kan vere eit resultat av samspelet mellom ein organisasjon og tredjemann, og som i rimeleg grad kan påverkast av organisasjonen,
8. «miljøverknad» alle endringar av miljøet, anten dei er til skade eller nytte, som heilt eller delvis er eit resultat av verksemda, produkta eller tenestene til ein organisasjon,
9. «miljøgjennomgåing» ein grundig innleiande analyse av miljøaspekta, miljøverknadene og miljøprestasjonen i samband med verksemda, produkta og tenestene til ein organisasjon,
10. «miljøprogram» ei utgreiing om dei tiltaka, ansvarsområda og midla som vert nytta eller planlagde for å nå miljømål og -deltmål, og fristane som er sette for å nå desse miljømåla og -deltmåla,
11. «miljømål» eit overordna miljømessig mål som har opphav i miljøpolitikken, og som organisasjonen har sett seg føre å nå, og som skal talfestast dersom det er mogleg,
12. «miljødeltmål» eit detaljert krav til prestasjon som har opphav i miljømåla, skal nyttast på ein organisasjon eller delar av han, og som må fastsetjast og oppfyllest for å nå desse måla,
13. «miljøstyringsordning» den delen av den samla styringsordninga som omfattar organisasjonsstruktur, planlegging, ansvarsområde, rutinar, framgangsmåtar, metodar og ressursar som er naudsynte for å utvikle, gjennomføre, verkeleggjere, gjennomgå og halde ved lag miljøpolitikken, og forvalte miljøaspekta,
14. «beste miljøstyringspraksis» den mest effektive måten som organisasjonar innanfor ein relevant sektor kan gjennomføre miljøstyringsordninga på, og som kan gje best mogleg miljøprestasjon under visse økonomiske og tekniske omstende,
15. «vesentleg endring» alle endringar i drifta, strukturen, forvaltninga, prosessane, verksemda, produkta eller tenestene til ein organisasjon som har eller kan ha omfattande verknader på miljøstyringsordninga til ein organisasjon, på miljøet eller på menneskehelsa,
16. «intern miljørevisjon» ei systematisk, dokumentert, jamleg og objektiv vurdering av miljøprestasjonen til ein organisasjon og til styringsordninga og dei prosessane som er utarbeidde for å verne miljøet,
17. «miljørevisor» ein person eller ei gruppe personar som tilhøyrer ein organisasjon, eller ein fysisk eller juridisk person utanfor organisasjonen som handlar på vegner av denne organisasjonen, som gjer ei vurdering særleg av den eksisterande miljøstyringsordninga og avgjer om det er samsvar med miljøpolitikken og -programmet til organisasjonen, medrekna etterleving av dei gjeldande lovfesta miljøkrava,

18. «miljøfråsegn» utførlege opplysningar til ålmenta og til andre partar som det gjeld, om organisasjonens
- struktur og verksemd,
 - miljøpolitikk og miljøstyringsordning,
 - miljøaspekt og miljøverknader,
 - miljøprogram, miljømål og miljødeltmål,
 - miljøprestasjon og etterleving av gjeldande lovfesta miljøkrav slik dei er fastsette i vedlegg IV,
19. «ajourført miljøfråsegn» dei utførlege opplysningane til ålmenta og andre partar som det gjeld, med ajourføringar av den miljøfråsegna som sist vart godkjend, berre med omsyn til miljøprestasjonen til ein organisasjon og etterlevinga hans av gjeldande lovfesta miljøkrav slik det er fastsett i vedlegg IV,
20. «miljøkontrollør»
- eit samsvarsvurderingsorgan slik det er definert i forordning (EF) nr. 765/2008, eller ei anna samanslutning eller gruppe av slike organ, som har fått akkreditering i samsvar med denne forordninga, eller
 - ein fysisk eller juridisk person, eller ei samanslutning eller gruppe av slike personar, som har fått lisens til å utføre kontroll og godkjenning i samsvar med denne forordninga,
21. «organisasjon» eit selskap, ei samanslutning, eit firma, eit føretak, ei styresmakt eller ein institusjon, i eller utanfor Fellesskapet, eller ein del eller kombinasjon av slike, anten juridisk person eller ikkje, offentleg eller privat, som har eigne funksjonar og eiga forvaltning,
22. «område» ein viss geografisk stad som vert forvalta og kontrollert av ein organisasjon, og som vert nytta til verksemd, produkt og tenester, medrekna all infrastruktur, alt utstyr og alle materiale; eit «område» er den minste eininga som kan registrerast,
23. «klynge» ei gruppe av uavhengige organisasjonar som ligg nær kvarandre geografisk eller er knytte saman gjennom forretningsverksemd, og som gjennomfører miljøstyringsordninga i fellesskap,
24. «kontroll» den samsvarsvurderingsprosessen som ein miljøkontrollør utfører for å vise om miljøgjennomgåinga, miljøpolitikken og miljøstyringsordninga til ein organisasjon, og den interne miljørevisjonen hans og gjennomføringa av denne, oppfyller krava i denne forordninga,
25. «godkjenning» stadfestinga til miljøkontrolløren som utførte kontrollen, om at opplysningar og data i miljøfråsegna og den ajourførte miljøfråsegna til ein organisasjon er pålitelege, truverdige og korrekte, og oppfyller krava i denne forordninga,
26. «tilsynsstyresmakter» dei rette styresmaktene som er utpeikte av medlemsstatane til å påvise, hindre og granske brot på dei gjeldande lovfesta miljøkrava, og der det krevst, gjere tiltak for å kontrollere at krava vert etterlevde,
27. «indikator for miljøprestasjon» ein spesifikk indikator som gjer det mogleg å måle miljøprestasjonen til ein organisasjon,
28. «små organisasjonar»
- svært små, små og mellomstore føretak slik det er definert i kommisjonsrekommendasjon 2003/361/EF av 6. mai 2003 om definisjonen av svært små, små og mellomstore bedrifter⁽¹⁾, eller
 - lokale styresmakter som har under 10 000 innbyggjarar, eller andre offentlege styresmakter som har under 250 tilsette og eit årleg budsjett på høgst 50 millionar euro, eller ein årsbalanse på høgst 43 millionar euro, og som omfattar følgjande:
 - statlege eller andre offentlege forvaltningar, eller offentlege rådgjevande organ, på nasjonalt, regionalt eller lokalt plan,
 - fysiske eller juridiske personar som utfører offentlege forvaltingsoppgåver etter nasjonal lovgjeving, medrekna særskilde oppgåver, særskild verksemd eller særskilde tenester i samband med miljøet, og
 - fysiske eller juridiske personar som har offentleg ansvar eller offentlege verv, eller som yter offentlege tenester i samband med miljøet under tilsyn av eit organ eller ein person som er omfatta av bokstav b),
29. «samla registrering» ei felles registrering av alle eller nokre av områda til ein organisasjon som har område i ein eller fleire medlemsstatar eller i tredjestatar,
30. «akkrediteringsorgan» eit nasjonalt akkrediteringsorgan som er oppnemnt i medhald av artikkel 4 i forordning (EF) nr. 765/2008, og som er ansvarleg for akkreditering av og tilsyn med miljøkontrollørar,

(1) TEU L 124 av 20.5.2003, s. 36.

31. «lisensutferdingsorgan» eit organ som er oppnemnt i samsvar med artikkel 5 nr. 2 i forordning (EF) nr. 765/2008, og som er ansvarleg for utføring av lisensar til og for tilsyn med miljøkontrollørar.

KAPITTEL II

REGISTRERING AV ORGANISASJONAR

Artikkel 3

Fastsetjing av det rette organet

1. Søknader om registrering frå organisasjonar i ein medlemsstat skal rettast til eit rett organ i denne medlemsstaten.

2. Ein organisasjon som har område i ein eller fleire medlemsstatar eller tredjestatar, kan søkje om éi samla registrering av alle eller nokre av desse områda.

Søknader om éi samla registrering skal rettast til eit rett organ i medlemsstaten der organisasjonen har det hovudkontoret eller forvaltningssenteret sitt som er utpeikt for føremålet med dette nummeret.

3. Søknader om registrering frå organisasjonar utanfor Fellesskapet, medrekna samla registrering som berre gjeld område som ligg utanfor Fellesskapet, kan rettast til alle rette organ i desse medlemsstatane som kan registrere organisasjonar utanfrå Fellesskapet i samsvar med artikkel 11 nr. 1 andre leddet.

Desse organisasjonane skal syte for at miljøkontrolløren som skal utføre kontrollen og godkjenne miljøstyringsordninga til organisasjonen, har akkreditering eller lisens i medlemsstaten der organisasjonen søkjer om registrering.

Artikkel 4

Førebuing med sikte på registrering

1. Organisasjonar som ønskjer å registrere seg for første gong, skal

- a) utføre ei miljøgjennomgåing av alle miljøaspekta til organisasjonen i samsvar med dei krava som er fastsette i vedlegg I og i vedlegg II nr. A.3.1,
- b) i lys av resultata frå miljøgjennomgåinga, utarbeide og gjennomføre ei miljøstyringsordning som omfattar alle krava som er nemnde i vedlegg II, og som samstundes, der det er mogleg, tek omsyn til beste miljøstyringspraksis i den aktuelle sektoren slik det er nemnt i artikkel 46 nr. 1 bokstav a),
- c) utføre ein intern revisjon i samsvar med dei krava som er fastsette i vedlegg II nr. A.5.5 og vedlegg III,
- d) utarbeide ei miljøfråsegn, i samsvar med vedlegg IV. Der det finst sektorvise referansedokument, slik det er nemnt i artikkel 46, tilgjengelege for den spesifikke sektoren, skal det takast omsyn til det relevante dokumentet ved vurderinga av miljøprestasjonen til organisasjonen.

2. Organisasjonar kan nytte seg av hjelpa som er nemnd i artikkel 32, som vert tilboden i medlemsstaten der organisasjonen søkjer om registrering.

3. Organisasjonar som har ei sertifisert miljøstyringsordning som er godkjend i samsvar med artikkel 45 nr. 4, skal ikkje vere nøydde til å utføre dei delane som er vortne godkjende som jamgode med denne forordninga.

4. Organisasjonane skal leggje fram faktiske prov eller dokumentasjon på at organisasjonen oppfyller alle gjeldande lovfesta miljøkrav.

Organisasjonane kan be om opplysningar frå den rette tilsynsstyresmakta eller -styresmaktene i samsvar med artikkel 32, eller frå miljøkontrolløren.

Organisasjonar utanfor Fellesskapet skal òg vise til dei lovfesta miljøkrava som gjeld for liknande organisasjonar i medlemsstatane der dei aktar å sende inn ein søknad.

Der det finst sektorvise referansedokument, slik det er nemnt i artikkel 46, tilgjengelege for den spesifikke sektoren, skal det visast til det relevante dokumentet ved vurderinga av miljøprestasjonen til organisasjonen.

5. Både den innleiande miljøgjennomgåinga og miljøstyringsordninga, framgangsmåten for revisjon og gjennomføringa av denne skal kontrollerast av ein akkreditert eller autorisert miljøkontrollør, som òg skal godkjenne miljøfråsegna.

Artikkel 5

Søknad om registrering

1. Alle organisasjonar som oppfyller dei krava som er fastsette i artikkel 4, kan søkje om registrering.

2. Søknaden om registrering skal rettast til det rette organet som er fastsett i samsvar med artikkel 3, og skal innehalde følgjande:

- a) den godkjende miljøfråsegna i elektronisk eller prenta form,
- b) den fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9, underskriven av den miljøkontrolløren som har godkjent miljøfråsegna,
- c) eit utfylt skjema som inneheld minst dei opplysningane som er fastsette i vedlegg VI,
- d) prov på at eventuelle gjeldande gebyr er betalte.

3. Søknaden skal skrivast på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstaten der organisasjonen søker om registrering.

KAPITTEL III

PLIKTENE TIL REGISTERERTE ORGANISASJONAR

Artikkel 6

Fornyng av EMAS-registrering

1. Ein registrert organisasjon skal minst kvart tredje år
 - a) få kontrollert heile miljøstyringsordninga og revisjonsprogrammet sitt, og gjennomføringa av desse,
 - b) utarbeide miljøfråsegna i samsvar med dei krava som er fastsette i vedlegg IV, og få henne godkjend av ein miljøkontrollør,
 - c) sende over den godkjende miljøfråsegna til det rette organet,
 - d) sende over til det rette organet eit utfylt skjema som inneheld minst dei opplysningane som er fastsette i vedlegg VI,
 - e) dersom det er aktuelt, betale eit gebyr til det rette organet for fornyng av registreringa.
2. Utan at det rører ved nr. 1, skal ein registrert organisasjon i dei mellomliggjande åra
 - a) i samsvar med revisjonsprogrammet utføre ein intern revisjon av miljøprestasjonen sin og etterlevinga si av gjeldande lovfesta miljøkrav i samsvar med vedlegg III,
 - b) utarbeide ei ajourført miljøfråsegn i samsvar med dei krava som er fastsette i vedlegg IV, og få henne godkjend av ein miljøkontrollør,
 - c) sende over den godkjende, ajourførte miljøfråsegna til det rette organet,
 - d) sende over til det rette organet eit utfylt skjema som inneheld minst dei opplysningane som er fastsette i vedlegg VI,
 - e) dersom det er aktuelt, betale eit gebyr til det rette organet for å halde ved lag registreringa.
3. Registrerte organisasjonar skal gjere miljøfråsegna og den ajourførte miljøfråsegna si offentleg tilgjengeleg innan ein månad etter registreringa fann stad, og innan ein månad etter at registreringa vart fornya.

Registrerte organisasjonar kan oppfylle dette kravet ved at dei på oppmoding gjev tilgang til miljøfråsegna og den ajourførte miljøfråsegna, eller ved å lage lenkjer til nettstader der desse fråsegnene er tilgjengelege.

Registrerte organisasjonar skal nytte skjemaet i vedlegg VI til å opplyse om korleis dei gjev offentleg tilgang.

Artikkel 7

Unntak for små organisasjonar

1. Dei rette organa skal, etter oppmoding frå ein liten organisasjon, utvide tidsrommet som er nemnt i artikkel 6 nr. 1, frå tre til opptil fire år, eller tidsrommet som er nemnt i artikkel 6 nr. 2, frå eitt til opptil to år, på det vilkåret at miljøkontrolløren som har kontrollert organisasjonen, kan stadfeste at alle dei følgjande vilkåra er oppfylte:
 - a) det ligg ikkje føre nokon vesentleg miljørerisiko,
 - b) organisasjonen har ingen planar om vesentlege endringar slik det er definert i artikkel 8, og
 - c) det ligg ikkje føre vesentlege lokale miljøproblem som organisasjonen medverkar til.

Organisasjonen kan nytte skjemaet i vedlegg VI til å sende inn den oppmodinga som er nemnd i første leddet.

2. Det rette organet skal avslå oppmodinga dersom vilkåra i nr. 1 ikkje er oppfylte. Organet skal gje organisasjonen ei utførleg grunningjeving for avslaget.

3. Organisasjonar som har fått ei lenging på opptil to år slik det er nemnt i nr. 1, skal sende over den ikkje-godkjende, ajourførte miljøfråsegna si til det rette organet kvart år medan dei har unntak frå plikta til å ha ei godkjend ajourført miljøfråsegn.

Artikkel 8

Vesentlege endringar

1. Dersom ein registrert organisasjon har planar om å innføre vesentlege endringar, skal han utføre ei miljøgjennomgåing av desse endringane, medrekna miljøaspekta og miljøverknadene deira.
2. Etter ei miljøgjennomgåing av endringane skal organisasjonen ajourføre den innleiande miljøgjennomgåinga si og endre miljøpolitikken sin, miljøprogrammet sitt og miljøstyringsordninga si, og revidere og ajourføre heile miljøfråsegna si tilsvarande.
3. Alle dokument som er endra og ajourførte i medhald av nr. 2, skal kontrollerast og godkjennast innan ein frist på seks månader.
4. Etter godkjenninga skal organisasjonen melde frå om endringane til det rette organet ved bruk av skjemaet i vedlegg VI, og gjere endringane offentleg tilgjengelege.

*Artikkel 9***Intern miljørevisjon**

1. Ein registrert organisasjon skal innføre eit revisjonsprogram som sikrar at det i eit tidsrom på høgst tre år, eller fire år dersom det unntaket som er fastsett i artikkel 7, vert nytta, vert gjennomført ein intern miljørevisjon av all verksemd innanfor organisasjonen i samsvar med dei krava som er fastsette i vedlegg III.
2. Revisjonen skal utførast av miljørevisorar som kvar og ein eller i fellesskap har den kompetansen som er naudsynt for å utføre desse oppgåvene, og som er tilstrekkeleg uavhengige med omsyn til den verksemda som dei skal revidere, til at dei kan gjere ei objektiv vurdering.
3. Måla for kvar revisjon eller revisjonsperiode, medrekna kor ofte kvar aktivitet skal reviderast, skal fastsetjast i miljørevisjonsprogrammet til organisasjonen.
4. Miljørevisorane skal utarbeide ein skriftleg revisjonsrapport ved slutten av kvar revisjon og revisjonsperiode.
5. Miljørevisoren skal melde frå til organisasjonen om resultatane av og konklusjonane frå revisjonen.
6. Etter revisjonsprosessen skal organisasjonen utarbeide og gjennomføre ein eigna handlingsplan.
7. Organisasjonen skal innføre føremålstenlege ordningar som sikrar at resultatane frå revisjonen vert følgde opp.

*Artikkel 10***Bruk av EMAS-logoen**

1. Utan at det rører ved artikkel 35 nr. 2 kan EMAS-logoen som er fastsett i vedlegg V, nyttast berre av registrerte organisasjonar, og berre så lenge registreringa deira er gyldig.

Registreringsnummeret til organisasjonen skal alltid vere påført logoen.

2. EMAS-logoen skal berre nyttast i samsvar med dei tekniske spesifikasjonane som er fastsette i vedlegg V.
3. Dersom ein organisasjon, i samsvar med artikkel 3 nr. 2, vel ikkje å ta med alle områda sine i den samla registreringa, skal han syte for at det i kommunikasjonen med ålmenta og ved bruken av EMAS-logoen går klart fram kva område som er omfatta av registreringa.

4. EMAS-logoen skal ikkje nyttast
 - a) på produkt eller produktemballasje, eller
 - b) i samband med påstandar som inneheld jamføringar med anna verksemd eller andre tenester, eller på ein måte som kan skape forveksling med miljømerke på produkt.
5. All miljøinformasjon som vert offentleggjort av ein registrert organisasjon, kan vere påført EMAS-logoen, på det vilkåret at slike opplysningar viser til den nyaste miljøfråsegna til organisasjonen eller til den ajourførte miljøfråsegna hans som opplysningane er henta frå, og at ein miljøkontrollør har godkjent opplysningane for å vere
 - a) korrekte,
 - b) dokumenterte og kontrollerbare,
 - c) relevante og nytta i ein høveleg samanheng,
 - d) representative for den samla miljøprestasjonen til organisasjonen,
 - e) vanskelege å mistyde, og
 - f) vesentlege med omsyn til den samla miljøverknaden.

KAPITTEL IV

REGLAR SOM SKAL NYTTAST PÅ RETTE ORGAN*Artikkel 11***Utpeiking av rette organ og rolla deira**

1. Medlemsstatane skal peike ut rette organ som skal ha ansvaret for å registrere organisasjonar som høyrer heime i Fellesskapet, i samsvar med denne forordninga.

Medlemsstatane kan fastsetje at dei rette organa som dei peikar ut, i samsvar med denne forordninga skal utføre og ha ansvaret for å registrere organisasjonar frå tredjestatar.

Dei rette organa skal kontrollere at organisasjonar vert førte inn i registeret, og at registreringa deira vert halden ved lag, medrekna mellombels og endeleg stryking av organisasjonar frå registeret.

2. Det rette organet kan vere nasjonalt, regionalt eller lokalt.
3. Samansetnaden av det rette organet skal sikre at det er uavhengig og upartisk.
4. Dei rette organa skal ha dei ressursane som er naudsynte, både i form av økonomiske midlar og personell, for at dei skal kunne utføre oppgåvene sine på ein tilfredsstillande måte.

5. Dei rette organa skal nytte denne forordninga på ein einsarta måte og skal ta del i jamlege fagfellevurderingar slik det er fastsett i artikkel 17.

Artikkel 12

Plikter knytte til registreringsprosessen

1. Dei rette organa skal fastsetje framgangsmåtar for registrering av organisasjonar. Dei skal særleg fastsetje reglar for å

- a) vurdere merknader frå partar som det gjeld, medrekna akkrediterings- og lisensutferdingsorgan, rette tilsynsstyresmakter og dei representative organa til organisasjonane, om søkjaren eller om registrerte organisasjonar,
- b) handsame avslag på søknader om registrering, og om mellombels eller endeleg stryking av organisasjonar frå registeret, og
- c) handsame overprøvingar av og klager mot avgjerdene deira.

2. Dei rette organa skal opprette og føre eit register over organisasjonar som er registrerte i medlemsstatane deira, medrekna opplysningar om korleis det er mogleg å få tilgang til miljøfråsegna eller den ajourførte miljøfråsegna deira, og ajourføre registeret kvar månad i tilfelle endringar.

Registeret skal vere offentleg tilgjengeleg på ein nettstad.

3. Dei rette organa skal kvar månad, direkte eller gjennom dei nasjonale styresmaktene slik det er fastsett av dei medlemsstatane som det gjeld, melde frå til Kommisjonen om endringar i det registeret som er nemnt i nr. 2.

Artikkel 13

Registrering av organisasjonar

1. Dei rette organa skal vurdere søknader om registrering av organisasjonar i samsvar med dei framgangsmåtane som er fastsette for dette føremålet.

2. Når ein organisasjon søker om registrering, skal det rette organet registrere denne organisasjonen og tildele han eit registreringsnummer dersom alle dei følgjande vilkåra er oppfylte:

- a) det rette organet har motteke ein søknad om registrering som omfattar alle dei dokumenta som er nemnde i artikkel 5 nr. 2 bokstav a)–d),
- b) det rette organet har slått fast at kontroll og godkjenning er utført i samsvar med artikkel 25, 26 og 27,
- c) det rette organet, på grunnlag av mottekne materielle prov, t.d. ein skriftleg rapport frå den rette tilsynsstyresmakta, er viss på at det ikkje er påvist brot på dei gjeldande lovfesta miljøkrava,

d) det ligg ikkje føre relevante klager frå partar som det gjeld, eller det er funne ei positiv løysing på klagene,

e) det rette organet, på grunnlag av mottekne prov, er viss på at organisasjonen oppfyller alle krava i denne forordninga, og

f) det rette organet har motteke eit eventuelt registreringsgebyr.

3. Det rette organet skal melde frå til organisasjonen om at han er vorten registrert, og tildele han registreringsnummeret og EMAS-logoen.

4. Dersom eit rett organ konkluderer med at ein søkjarorganisasjon ikkje oppfyller dei krava som er fastsette i nr. 2, skal det avslå søknaden om å registrere denne organisasjonen og gje han ei utførleg grunngeving for dette.

5. Dersom eit rett organ mottek ein skriftleg tilsynsrapport frå akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet, og det går fram av rapporten at verksemda til miljøkontrolløren ikkje vart utført på ein måte som i tilstrekkeleg grad sikrar at søkjarorganisasjonen oppfyller krava i denne forordninga, skal det avslå søknaden om å registrere denne organisasjonen. Det rette organet skal oppmode organisasjonen om å sende inn ein ny søknad om registrering.

6. Det rette organet skal rådspørje dei partane som det gjeld, medrekna organisasjonen, for å skaffe fram den dokumentasjonen som er naudsynt for å kunne ta ei avgjerd om å avslå søknaden om registrering av ein organisasjon.

Artikkel 14

Fornyng av registreringa til ein organisasjon

1. Eit rett organ skal fornye registreringa av organisasjonen dersom alle dei følgjande vilkåra er oppfylte:

a) det rette organet har motteke ei godkjend miljøfråsegn slik det er nemnt i artikkel 6 nr. 1 bokstav c), ei godkjend, ajourført miljøfråsegn slik det er nemnt i artikkel 6 nr. 2 bokstav c) eller ei ikkje-godkjend, ajourført miljøfråsegn slik det er nemnt i artikkel 7 nr. 3,

b) det rette organet har motteke eit utfylt skjema som inneheld minst dei opplysningane som er fastsette i vedlegg VI, slik det er nemnt i artikkel 6 nr. 1 bokstav d) og artikkel 6 nr. 2 bokstav d),

c) det rette organet har ingen prov på at kontroll og godkjenning ikkje er utført i samsvar med artikkel 25, 26 og 27,

d) det rette organet har ingen prov på at organisasjonen ikkje etterlever dei gjeldande lovfesta miljøkrava,

- e) det ligg ikkje føre relevante klager frå partar som det gjeld, eller det er funne ei positiv løysing på klagene,
 - f) det rette organet, på grunnlag av mottekne prov, er viss på at organisasjonen oppfyller alle krava i denne forordninga, og
 - g) det rette organet har motteke eit eventuelt gebyr for fornying av registreringa.
2. Det rette organet skal melde frå til organisasjonen om at registreringa er vorten fornya.

Artikkel 15

Mellombels eller endeleg stryking av organisasjonar frå registeret

1. Dersom eit rett organ meiner at ein registrert organisasjon ikkje oppfyller krava i denne forordninga, skal det gje organisasjonen høve til å leggje fram synspunkta sine på saka. Dersom organisasjonen ikkje klarar å gje eit tilfredsstillande svar, skal han strykast mellombels eller endeleg frå registeret.
2. Dersom eit rett organ mottek ein skriftleg tilsynsrapport frå akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet, og det går fram av rapporten at verksemda til miljøkontrolløren ikkje vart utført på ein måte som i tilstrekkeleg grad sikrar at den registrerte organisasjonen oppfyller krava i denne forordninga, skal registreringa strykast mellombels.
3. Ein registrert organisasjon skal strykast mellombels eller endeleg frå registeret, slik det høver, dersom han ikkje har sendt over noko av det følgjande til det rette organet innan to månader etter at han vert beden om det:
- a) den godkjende miljøfråsegna, ei ajourført miljøfråsegn eller den underskrivne fråsegna som er nemnd i artikkel 25 nr. 9,
 - b) eit skjema som inneheld minst dei opplysningane som er fastsette i vedlegg VI, frå organisasjonen.
4. Dersom eit rett organ får melding i form av ein skriftleg rapport frå den rette tilsynsstyresmakta om at organisasjonen ikkje har retta seg etter nokre av dei gjeldande lovfesta miljøkrava, skal det mellombels eller endeleg stryke tilvisinga til denne organisasjonen frå registeret, alt etter kva som høver.
5. Dersom eit rett organ avgjer at det vil mellombels eller endeleg stryke ei registrering, skal det minst ta omsyn til følgjande:
- a) dei miljøverknadene som følgjer av at organisasjonen ikkje etterlever krava i denne forordninga,
 - b) evne til å sjå på førehand at organisasjonen ikkje vil etterleve krava i denne forordninga, eller dei omstenda som førte til dette,
 - c) tidlegare tilfelle av at organisasjonen ikkje har etterlevd krava i denne forordninga, og

- d) dei særlege omstenda som gjeld organisasjonen.

6. Det rette organet skal rådspørje dei partane som det gjeld, medrekna organisasjonen, for å skaffe fram den dokumentasjonen som er naudsynt for å kunne ta avgjerda si om å stryke registreringa av organisasjonen mellombels eller endeleg frå registeret.

7. Dersom eit rett organ på annan måte enn ved ein skriftleg tilsynsrapport frå akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet, har motteke dokumentasjon på at verksemda til miljøkontrolløren ikkje vart utført på ein måte som i tilstrekkeleg grad sikrar at organisasjonen oppfyller krava i denne forordninga, skal det rådspørje det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som fører tilsyn med miljøkontrolløren.

8. Det rette organet skal grunnkje alle tiltaka som dei gjer.

9. Det rette organet skal syte for at organisasjonen får relevante opplysningar om samrådet med dei partane som det gjeld.

10. Den mellombels strykinga av ein organisasjon frå registeret skal omgjerast dersom det rette organet har motteke tilfredsstillande opplysningar om at organisasjonen etterlever krava i denne forordninga.

Artikkel 16

Forum av rette organ

1. Dei rette organa skal skipe eit forum av rette organ frå alle medlemsstatar, heretter kalla «forum av rette organ», som skal møtast minst éin gong i året, med ein representant frå Kommisjonen til stades.

Forumet av rette organ fastset møteføresegnene sine.

2. Rette organ frå kvar medlemsstat skal ta del i forumet av rette organ. Dersom det finst fleire rette organ i ein medlemsstat, skal det gjerast eigna tiltak for å sikre at alle desse får informasjon om verksemda til forumet av rette organ.

3. Forumet av rette organ skal utarbeide retningslinjer for å sikre einsarta framgangsmåtar for registrering av organisasjonar i samsvar med denne forordninga, medrekna fornying av registrering og mellombels og endeleg stryking av organisasjonar frå registeret, både i og utanfor Fellesskapet.

Forumet av rette organ skal sende over desse retningslinjene til Kommisjonen, saman med dokument som gjeld fagfellevurdering.

4. Eit framlegg til retningslinjer om framgangsmåtar for harmonisering, som er godkjent av forumet av rette organ, skal leggjast fram av Kommisjonen til vedtaking i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 49 nr. 3.

Desse dokumenta skal gjerast offentleg tilgjengelege.

*Artikkel 17***Fagfellevurdering av rette organ**

1. Forumet av rette organ skal leggje til rette for ei fagfellevurdering for å vurdere om registreringssystemet til kvart rett organ er i samsvar med denne forordninga, og for å utarbeide ein harmonisert strategi for bruken av reglane for registrering.

2. Fagfellevurderinga skal utførast jamleg og minst kvart fjerde år, og skal innehalde ei vurdering av dei reglane og framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 12, 13 og 15. Alle rette organ skal ta del i fagfellevurderinga.

3. Kommisjonen skal fastsetje framgangsmåtar for gjennomføringa av fagfellevurderinga, medrekna høvelege framgangsmåtar ved klager mot avgjerder som vert tekne som følge av fagfellevurderinga.

Dei tiltaka som er utarbeidde for å endre ikkje-grunnleggjande føresegnar i denne forordninga ved å utfylle henne, skal vedtakast i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 49 nr. 3.

4. Dei framgangsmåtane som er nemnde i nr. 3, skal fastsetjast før den første fagfellevurderinga finn stad.

5. Forumet av rette organ skal jamleg sende over ein rapport om fagfellevurderinga til Kommisjonen og til det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 49 nr. 1.

Denne rapporten skal gjerast offentleg tilgjengeleg etter at han er godkjend av forumet av rette organ og det utvalet som er nemnt i første leddet.

KAPITTEL V

MILJØKONTROLLØRAR*Artikkel 18***Oppgåvene til miljøkontrollørane**

1. Miljøkontrollørane skal vurdere om ein organisasjons miljøgjennomgåing, miljøpolitikk, miljøstyringsordning, framgangsmåtar for miljørevisjon og gjennomføring av desse oppfyller krava i denne forordninga.

2. Miljøkontrollørane skal kontrollere følgjande:

a) at organisasjonen etterlever alle krava i denne forordninga med omsyn til den innleiande miljøgjennomgåinga, miljøstyringsordninga, miljørevisjonen og resultatata av denne og miljøfråsegna eller den ajourførte miljøfråsegna,

b) at organisasjonen etterlever dei gjeldande lovfesta miljøkrava på fellesskapsplan og på nasjonalt, regionalt og lokalt plan,

c) at organisasjonen kontinuerleg betrar miljøprestasjonen sin, og

d) at data og opplysningar i dei følgjande dokumenta er pålitelege, truverdige og korrekte:

i) miljøfråsegna,

ii) den ajourførte miljøfråsegna,

iii) eventuell miljøinformasjon som skal godkjennast.

3. Miljøkontrollørane skal særleg kontrollere at den innleiande miljøgjennomgåinga eller -revisjonen, eller andre framgangsmåtar som organisasjonen gjennomfører, er føremålstenlege, utan at det vert utført unødvendig dobbeltarbeid.

4. Miljøkontrollørane skal kontrollere om resultatata av den interne revisjonen er pålitelege. Dei skal eventuelt gjennomføre stikkprøvekontrollar for dette føremålet.

5. Ved kontrollen i samband med førebuinga til registrering av ein organisasjon skal miljøkontrolløren særleg kontrollere at organisasjonen minst oppfyller følgjande krav:

a) det er utarbeidd ei miljøstyringsordning som fungerer fullgodt, i samsvar med vedlegg II,

b) det er innført eit fullstendig revisjonsprogram som er sett i verk i samsvar med vedlegg III, slik at iallfall dei mest vesentlege miljøverknadene er omfatta,

c) gjennomgåinga til leiinga, som er nemnd i vedlegg II del A, er fullført, og

d) det er utarbeidd ei miljøfråsegn i samsvar med vedlegg IV, og det er teke omsyn til sektorvise referansedokument når desse ligg føre.

6. Ved kontrollen i samband med fornyinga av registreringa slik det er nemnt i artikkel 6 nr. 1, skal miljøkontrolløren kontrollere at organisasjonen oppfyller dei følgjande krava:

a) organisasjonen har innført ei miljøstyringsordning som fungerer fullgodt, i samsvar med vedlegg II,

b) organisasjonen har utarbeidd eit revisjonsprogram som fungerer fullgodt, der minst ein revisjonsperiode er fullført i samsvar med vedlegg III,

c) organisasjonen har fullført éi gjennomgåing som leiinga har utført, og

d) organisasjonen har utarbeidd ei miljøfråsegn i samsvar med vedlegg IV, og det er teke omsyn til sektorvise referansedokument når desse ligg føre.

7. Ved kontrollen i samband med fornyinga av registreringa slik det er nemnt i artikkel 6 nr. 2, skal miljøkontrolløren kontrollere at organisasjonen minst oppfyller dei følgjande krava:

- a) organisasjonen har utført ein intern revisjon av miljøprestasjonen sin og etterlevinga si av gjeldande lovfesta miljøkrav i samsvar med vedlegg III,
- b) organisasjonen kan påvise at han heile tida etterlever dei gjeldande lovfesta miljøkrava og heile tida betrar miljøprestasjonen sin, og
- c) organisasjonen har utarbeidd ei ajourført miljøfråsegn i samsvar med vedlegg IV, og det er teke omsyn til sektorvise referansedokument når desse ligg føre.

Artikkel 19

Kontrollfrekvens

1. Miljøkontrolløren skal i samråd med organisasjonen utarbeide eit program som skal sikre at alle delar som er naudsynte for registreringa og fornyinga av registreringa slik det er nemnt i artikkel 4, 5 og 6, vert kontrollerte.

2. Miljøkontrolløren skal med intervall på høgst tolv månader godkjenne alle ajourførte opplysningar i miljøfråsegna eller den ajourførte miljøfråsegna.

Unntaket som er fastsett i artikkel 7, skal nyttast når det er relevant.

Artikkel 20

Krav til miljøkontrollørane

1. Kandidatar som ønskjer å oppnå akkreditering eller få lisens som miljøkontrollør i samsvar med denne forordninga, skal søkje om dette til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som dei ønskjer akkreditering eller lisens frå.

I søknaden skal det opplysast om verkeområdet for akkrediteringa eller lisensen som er ønskeleg, ved å vise til standarden for næringsgruppering slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 1893/2006⁽¹⁾.

2. Miljøkontrolløren skal leggje fram for akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet høveleg dokumentasjon på kompetansen sin, medrekna sakkunnskap, relevant røynsle og teknisk kunnskap som er relevant for verkeområdet for den akkrediteringa eller lisensen som det vert søkt om, på følgjande område:

- a) denne forordninga,

⁽¹⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1893/2006 av 20. desember 2006 om innføring av en standard for næringsgruppering NACE Revisjon 2 (TEU L 393 av 30.12.2006, s. 1).

- b) den allmenne verkemåten til miljøstyringsordningar,
- c) relevante sektorvise referansedokument som er utferda av Kommisjonen i medhald av artikkel 46, for bruken av denne forordninga,
- d) krava i lover og forskrifter som gjeld for den verksemda som skal kontrollerast og godkjennast,
- e) miljøaspekt og miljøverknader, medrekna miljødimensjonen ved berekraftig utvikling,
- f) dei miljømessige tekniske aspekta ved den verksemda som skal kontrollerast og godkjennast,
- g) den allmenne verkemåten til den verksemda som skal kontrollerast og godkjennast, med sikte på å vurdere kor eigna styringsordninga er sett i høve til vekselverknaden mellom organisasjonen og produkta, tenestene og drifta til organisasjonen, og miljøet, medrekna minst følgjande:
 - i) teknologiar som organisasjonen nyttar,
 - ii) terminologi og verktøy som vert nytta i samband med verksemda,
 - iii) driftsmessig verksemd og eigenskapar ved vekselverknaden med miljøet,
 - iv) metodar for evaluering av vesentlege miljøaspekt,
 - v) teknologiar for kontroll med og reduksjon av ureining,
- h) miljørevisjonskrav og -metodar, medrekna evne til å gjennomføre effektive kontrollrevisjonar av ei miljøstyringsordning, fastsetje eigna resultat og konklusjonar frå revisjonen, og utarbeide og leggje fram revisjonsrapportar, i munnleg og skriftleg form, for å dokumentere kontrollrevisjonen på ein klar måte,
- i) revisjon av miljøopplysningar, miljøfråsegna og den ajourførte miljøfråsegna i høve til forvaltning, lagring og handtering av data, framlegging av data i skriftleg og grafisk format for bruk med sikte på vurdering av moglege datafeil, bruk av hypotesar og estimat,
- j) miljødimensjonen til produkt og tenester, medrekna miljøaspekta og miljøprestasjonen under og etter bruk, og integriteten til data som vert nytta til å ta miljøavgjerder.

3. Miljøkontrolløren skal kunne dokumentere ei kontinuerleg fagleg utvikling på dei kompetanseområda som er fastsette i nr. 2, og tillate at akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet kan gjennomføre ei vurdering av dette.

4. Miljøkontrolløren skal vere ein ekstern tredjemann som er uavhengig, særleg av miljørevisoren eller konsulenten til organisasjonen, og upartisk og objektiv ved utøvinga av verksemda si.

5. Miljøkontrolløren skal sikre at han ikkje er utsett for noko kommersielt, økonomisk eller anna form for press som ville kunne påverke vurderingsevna hans eller svekkje tilliten til den uavhengige vurderinga og integriteten hans i samband med kontrollverksemda. Miljøkontrolløren skal syte for at alle reglar som vert nytta med omsyn til dette, vert etterlevde.

6. For å kunne oppfylle kontroll- og godkjenningsskrava i denne forordninga skal miljøkontrolløren ha til rådvelde dokumenterte metodar og framgangsmåtar, medrekna ordningar for kvalitetskontroll og føresegnar om fortruleg handsaming.

7. Dersom miljøkontrolløren er ein organisasjon, skal han ha ein organisasjonsplan der det vert gjort grundig greie for strukturar og ansvarstilhøve i organisasjonen, og ei fråsegn om den rettslege statusen, eigartilhøva og finansieringskjeldene til organisasjonen.

Denne organisasjonsplanen skal gjerast tilgjengeleg på oppmoding.

8. Etterlevinga av desse krava skal sikrast gjennom den vurderinga som vert gjort før akkrediteringa eller lisensutdelinga, og gjennom tilsynet til akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet.

Artikkel 21

Tilleggskrav til miljøkontrollørar som er fysiske personar, og som utfører kontroll- og godkjenningsskrav på eiga hand

I tillegg til at dei oppfyller dei krava som er fastsette i artikkel 20, skal fysiske personar som fungerer som miljøkontrollørar, og som utfører kontrollar og godkjenning på eiga hand, ha

- a) all den kompetansen som er naudsynt for å utføre kontroll- og godkjenningsskrav på dei områda som er omfatta av lisensen deira,
- b) ein lisens med eit avgrensa verkeområde, avhengig av den personlege kompetansen deira.

Artikkel 22

Tilleggskrav til miljøkontrollørar som driv verksemd i tredjestatar

1. Dersom ein miljøkontrollør aktar å utføre kontroll- og godkjenningsskrav i tredjestatar, skal han søkje om akkreditering eller lisens for den eller dei aktuelle tredjestatane.

2. For å få akkreditering eller lisens for ein tredjestat, skal miljøkontrolløren, i tillegg til dei krava som er fastsette i artikkel 20 og 21, oppfylle dei følgjande krava:

- a) ha kunnskap om og forståing av krava i dei lovane og forskriftene som gjeld for miljøet, i den tredjestaten som det vert søkt om akkreditering eller lisens for,

- b) ha kunnskap om og forståing av det offisielle språket i den tredjestaten som det vert søkt om akkreditering eller lisens for.

3. Dei krava som er fastsette i nr. 2, skal reknast for å vere oppfylte dersom miljøkontrolløren kan dokumentere at det ligg føre ei avtale mellom kontrolløren og ein kvalifisert person eller organisasjon som oppfyller desse krava.

Denne personen eller organisasjonen skal vere uavhengig av den organisasjonen som skal kontrollerast.

Artikkel 23

Tilsyn med miljøkontrollørar

1. Tilsynet med kontroll- og godkjenningsskrav som vert utført av miljøkontrollørar i

- a) medlemsstaten der dei har akkreditering eller lisens, skal utførast av det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som har gjeve akkreditering eller tildelt lisensen,
- b) ein tredjestat, skal utførast av det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som har gjeve akkreditering eller tildelt lisensen til miljøkontrolløren for denne verksemda,
- c) ein annan medlemsstat enn den der akkreditering eller lisensen er tildelt, skal utførast av akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten der kontrollen finn stad.

2. Minst fire veker før kvar kontroll i ein medlemsstat skal miljøkontrolløren sende over opplysningar om akkreditering eller lisensen sin og om tidspunkt og stad for kontrollen, til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som er ansvarleg for tilsynet med den miljøkontrolløren som det gjeld.

3. Miljøkontrolløren skal straks melde frå til akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet om alle endringar som har verknad for akkreditering eller lisensen eller verkeområdet for desse.

4. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet skal med jamne mellomrom som ikkje overstig 24 månader, gjere tiltak for å sikre at miljøkontrolløren framleis oppfyller akkrediterings- eller lisenskrava, og for å overvake kvaliteten på den kontroll- og godkjenningsskrav som vert utført.

5. Tilsynet kan utførast som ein kontorrevisjon, ein kontroll på staden i organisasjonane, ved bruk av spørjeskjema eller ved gjennomgåing av miljøfråsegner eller ajourførte miljøfråsegner som miljøkontrolløren har godkjent, og ved gjennomgåing av kontrollrapporten.

Tilsynet skal stå i eit rimeleg høve til den verksemda som miljøkontrolløren utfører.

6. Organisasjonane skal leggje til rette for at akkrediterings- eller lisensutferdingsorgana får føre tilsyn med miljøkontrolløren under kontroll- og godkjenningsprosessen.

7. Alle avgjerder som vert tekne av akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet for å mellombels eller endeleg stryke akkrediteringa eller lisensen, eller for å avgrense verkeområdet for akkrediteringa eller lisensen, skal takast berre etter at miljøkontrolløren har hatt høve til å uttale seg.

8. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som fører tilsyn, meiner at kvaliteten på arbeidet til miljøkontrolløren ikkje oppfyller krava i denne forordninga, skal det sendast over ein skriftleg tilsynsrapport til den miljøkontrolløren som det gjeld, og til det rette organet som den organisasjonen som det gjeld, aktar å søkje om registrering hos eller som har registrert den organisasjonen som det gjeld.

Dersom tvisten ikkje vert løyst, skal tilsynsrapporten sendast over til forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan, som er nemnt i artikkel 30.

Artikkel 24

Tilleggskrav for tilsyn med miljøkontrollørar som driv verksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i

1. Ein miljøkontrollør som har akkreditering eller lisens i éin medlemsstat, skal minst fire veker før han/ho skal utføre kontroll- og godkjenningsverksemd i ein annan medlemsstat, sende over følgjande opplysningar til akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i den sistnemnde medlemsstaten:

- a) nærmare opplysningar om akkrediteringa eller lisensen, kompetanse, særleg kjennskap til lovfesta miljøkrav og til det offisielle språket i den andre medlemsstaten, og eventuelt om samansetnaden av kontrollørgruppa,
- b) tidspunkt og stad for kontrollen og godkjenninga,
- c) adressa til organisasjonen, og kontaktopplysningar.

Denne meldinga skal sendast over før kvar kontroll og godkjenning.

2. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet kan be om ei presisering når det gjeld kontrolløren sin kjennskap til dei naudsynte gjeldande lovfesta miljøkrava.

3. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet kan krevje andre vilkår enn dei som er nemnde i nr. 1, berre dersom desse andre vilkåra ikkje avgrensar den retten miljøkontrolløren har til å yte tenester i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i.

4. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet skal ikkje nytte den framgangsmåten som er nemnd i nr. 1, på ein måte

som fører til at miljøkontrolløren vert forseinka. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet ikkje er i stand til å utføre oppgåvene sine i samsvar med nr. 2 og 3 før tidspunktet for kontroll og godkjenning slik dette er meldt av kontrolløren i samsvar med nr. 1 bokstav b), skal det gje kontrolløren ei utførleg grunningjeving for dette.

5. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorgana skal ikkje krevje gebyr som inneber skilnadshandsaming, for melding og tilsyn.

6. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som fører tilsyn, meiner at kvaliteten på arbeidet til miljøkontrolløren ikkje oppfyller krava i denne forordninga, skal det sendast over ein skriftleg tilsynsrapport til den miljøkontrolløren som det gjeld, til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som har gjeve akkrediteringa eller tildelt lisensen, og til det rette organet som den organisasjonen som det gjeld, aktar å søkje om registrering hjå, eller som har registrert organisasjonen. Dersom tvisten ikkje vert løyst, skal tilsynsrapporten sendast over til forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan som er nemnt i artikkel 30.

Artikkel 25

Vilkår for utføringa av kontroll og godkjenning

1. Miljøkontrolløren skal drive verksemda si innanfor rammene av akkrediteringa eller lisensen sin, og på grunnlag av ei skriftleg avtale med organisasjonen.

Avtala skal

- a) opplyse om verkeområdet for verksemda,
- b) opplyse om vilkår som skal gjere det mogleg for miljøkontrolløren å utføre verksemda si på ein uavhengig og profesjonell måte, og
- c) forplikte organisasjonen til det samarbeidet som er naudsynt.

2. Miljøkontrolløren skal sikre at dei ulike delane av organisasjonen er klart avgrensa og svarar til den faktiske inndelinga av verksemda.

Miljøfråsegna skal syne klart kva delar av organisasjonen som er underlagde kontroll eller godkjenning.

3. Miljøkontrolløren skal gjere ei vurdering av dei punkta som er oppførte i artikkel 18.

4. Som eit ledd i kontroll- og godkjenningsverksemda skal miljøkontrolløren granske dokumentasjonen, vitje organisasjonen, utføre stikkprøvekontrollar og gjennomføre samtalar med personalet.

5. Før miljøkontrolløren vitjar organisasjonen, skal organisasjonen syte for at kontrolløren får grunnleggjande opplysningar om organisasjonen og verksemda hans, miljøpolitikken og miljøprogrammet, ei omtale av den miljøstyringsordninga som vert nytta i organisasjonen, detaljerte opplysningar om den miljøgjennomgåinga eller miljørevisjonen som er utført, rapporten om denne gjennomgåinga eller revisjonen og opplysningar om eventuelle etterfølgjande korrigerande tiltak som er sette i verk, og utkastet til miljøfråsegn eller ajournført miljøfråsegn.

6. Miljøkontrolløren skal utarbeide ein skriftleg rapport til organisasjonen om resultatet av kontrollen, der det vert gjort greie for følgjande:

- a) alle spørsmål som er relevante for verksemda som miljøkontrolløren utfører,
- b) korleis alle krava i denne forordninga vert etterlevde, medrekna dokumentasjon, resultat og konklusjonar til støtte for dette,
- c) ei vurdering av dei resultatata og måla som er oppnådde, jamført med tidlegare miljøfråsegner og med vurderinga av miljøprestasjonen og vurderinga av den kontinuerlege betringa av miljøprestasjonen til organisasjonen,
- d) eventuelle tekniske manglar ved miljøgjennomgåinga, metoden for miljørevisjon, miljøstyringsordninga eller andre relevante prosessar.

7. I tilfelle der det ikkje er samsvar med føresegnene i denne forordninga, skal det i tillegg gjerast greie for følgjande i rapporten:

- a) resultat av og konklusjonar om det manglande samsvaret til organisasjonen, og dokumentasjonen som desse resultatata og konklusjonane byggjer på,
- b) innvendingar mot utkastet til miljøfråsegn eller ajournført miljøfråsegn, saman med opplysningar om endringar eller tilføyingar som bør gjerast i miljøfråsegna eller den ajournførte miljøfråsegna.

8. Etter kontrollen skal miljøkontrolløren godkjenne miljøfråsegna eller den ajournførte miljøfråsegna til organisasjonen, og stadfeste at ho oppfyller krava i denne forordninga, på det vilkåret at resultatet av kontrollen og godkjenninga stadfestar at

- a) opplysningar og data i miljøfråsegna eller den ajournførte miljøfråsegna til organisasjonen er truverdige og korrekte, og oppfyller krava i denne forordninga, og
- b) det ikkje ligg føre prov på at organisasjonen ikkje oppfyller gjeldande lovfesta miljøkrav.

9. Etter godkjenninga skal miljøkontrolløren utferde ei underskriven fråsegn slik det er nemnt i vedlegg VII, som stadfestar at kontrollen og godkjenninga er utført i samsvar med denne forordninga.

10. Miljøkontrollørar som har akkreditering eller lisens i éin medlemsstat, kan utføre kontroll- og godkjenningsverksemd i alle andre medlemsstatar i samsvar med dei krava som er fastsette i denne forordninga.

Kontroll- eller godkjenningsverksemda skal vere underlagd tilsyn frå akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten der verksemda skal utførast. Når arbeidet tek til, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet ha melding om dette i samsvar med den fristen som er fastsett i artikkel 24 nr. 1.

Artikkel 26

Kontroll og godkjenning av små organisasjonar

1. Når det skal utførast kontroll- og godkjenningsverksemd, skal miljøkontrolløren ta omsyn til dei særlege eigenskapane til små organisasjonar, medrekna følgjande:

- a) korte rapporteringslinjer,
- b) personale som utfører fleire oppgåver,
- c) opplæring på arbeidsplassen,
- d) evne til snøgg omstilling, og
- e) avgrensa dokumentasjon på framgangsmåtar.

2. Miljøkontrolløren skal utføre kontrollen eller godkjenninga på ein måte som ikkje pålegg små organisasjonar unødvendige byrder.

3. Miljøkontrolløren skal ta omsyn til objektive prov på at ordninga er effektiv, mellom anna at organisasjonen har framgangsmåtar som står i høve til omfanget av og kompleksiteten i verksemda, kva art miljøverknadene er av, og kompetansen til personalet.

Artikkel 27

Vilkår for kontroll og godkjenning i tredjestatar

1. Miljøkontrollørar som har akkreditering eller lisens i éin medlemsstat, kan utføre kontroll- og godkjenningsverksemd for ein organisasjon i ein tredjestat i samsvar med dei krava som er fastsette i denne forordninga.

2. Minst seks veker før ein kontroll eller ei godkjenning i ein tredjestat, skal miljøkontrolløren sende over opplysningar om akkrediteringa eller lisensen sin og om tidspunkt og stad for kontrollen eller godkjenninga, til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten der den organisasjonen som det gjeld, aktar å søkje om registrering eller er registrert.

3. Kontroll- og godkjenningsverksemda skal vere underlagd tilsyn frå akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet i medlemsstaten der miljøkontrolløren har akkreditering eller lisens. Når arbeidet tek til, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet ha melding om dette i samsvar med den fristen som er fastsett i nr. 2.

KAPITTEL VI

**AKKREDITERINGS- OG
LISENSUTFERDINGSORGAN***Artikkel 28***Akkrediterings- og lisensutferding**

1. Akkrediteringsorgan som vert oppnemnde av medlemsstatane i medhald av artikkel 4 i forordning (EF) nr. 765/2008, skal ha ansvaret for akkrediteringa av miljøkontrollørar og tilsynet med den verksemda som miljøkontrollørane utfører i samsvar med denne forordninga.

2. Medlemsstatane kan oppnemne eit lisensutferdingsorgan i samsvar med artikkel 5 nr. 2 i forordning (EF) nr. 765/2008, som skal vere ansvarleg for utferding av lisensar til miljøkontrollørar, og for tilsynet med desse.

3. Medlemsstatane kan avgjere at dei ikkje vil tillate akkreditering av eller utferding av lisens til fysiske personar som miljøkontrollørar.

4. Akkrediterings- og lisensutferdingsorgana skal vurdere kompetansen til ein miljøkontrollør på grunnlag av dei krava som er fastsette i artikkel 20, 21 og 22, og som gjeld verkeområdet for den akkrediteringa eller lisensen som det er søkt om.

5. Verkeområdet for akkrediteringa eller lisensen til miljøkontrollørane skal fastsetjast i samsvar med standarden for næringsgruppering slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 1893/2006. Dette verkeområdet er avgrensa av kompetansen til miljøkontrolløren, og skal, der det er føremålstenleg, ta omsyn til omfanget av og kompleksiteten i verksemda.

6. Akkrediterings- og lisensutferdingsorgana skal fastsetje høvelege framgangsmåtar for akkreditering eller lisensutferding, avslag på søknader om akkreditering eller lisens, mellombels eller endeleg tilbakekalling av akkrediteringa av eller lisensen til miljøkontrollørar, og for tilsynet med miljøkontrollørar.

Desse framgangsmåtane skal omfatte ordningar for vurdering av synspunkta frå dei partane som det gjeld, medrekna dei rette organa og dei representative organa til organisasjonar, som er knytte til søkjarar og miljøkontrollørar som har akkreditering eller lisens.

7. Dersom ein søknad om akkreditering eller lisens vert avslått, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet gje miljøkontrolløren melding om grunnane for avgjerda si.

8. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorgana skal utarbeide, revidere og ajourføre ei liste over miljøkontrollørar og verkeområdet for akkrediteringa eller lisensen i medlemsstatane deira, og kvar månad melde frå om endringar i denne lista, direkte eller gjennom dei nasjonale styresmaktene slik det er fastsett i den medlemsstaten som det gjeld, til Kommissjonen og til det rette organet i medlemsstaten der akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet høyrer heime.

9. Akkrediterings- og lisensutferdingsorgana skal, innanfor rammene av dei reglane og framgangsmåtane for tilsyn med verksemd slik det er fastsett i artikkel 5 nr. 3 i forordning (EF) nr. 765/2008, utarbeide ein tilsynsrapport der dei etter samråd med den miljøkontrolløren som det gjeld, skal ta ei av dei følgjande avgjerdene:

- a) at verksemda til miljøkontrolløren ikkje vart utført tilstrekkeleg godt til å sikre at organisasjonen oppfyller krava i denne forordninga,
- b) at kontrollen og godkjenninga til miljøkontrolløren vart utført i strid med eitt eller fleire av krava i denne forordninga.

Denne rapporten skal sendast over til det rette organet i medlemsstaten der organisasjonen er registrert eller søkjer om registrering, og eventuelt til det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som har gjeve akkrediteringa eller tildelt lisensen.

*Artikkel 29***Mellombels eller endeleg tilbakekalling av ei akkreditering eller ein lisens**

1. Mellombels eller endeleg tilbakekalling av akkrediteringa eller lisensen krev samråd med dei partane som det gjeld, medrekna miljøkontrolløren, slik at akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet kan få den dokumentasjonen som er naudsynt for at det skal kunne ta avgjerda si.

2. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet skal melde frå til miljøkontrolløren om grunngevinga for dei tiltaka som vert gjorde, og eventuelt om drøftingane med den rette tilsynsstyresmakta.

3. Akkrediteringa eller lisensen skal tilbakekallast mellombels eller endeleg inntil det er godtgjort at miljøkontrolløren etterlever krava i denne forordninga, alt etter kva som høver, avhengig av arten og omfanget av den manglande etterlevinga av eller brotet på dei lovfesta krava.

4. Den mellombels tilbakekallinga av akkrediteringa eller lisensen skal opphevast når akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet har motteke tilfredsstillande opplysningar om at miljøkontrolløren etterlever denne forordninga.

*Artikkel 30***Forum av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan**

1. Det skal skipast eit forum som er samansett av alle akkrediterings- og lisensutferdingsorgana frå alle medlemsstatar, heretter kalla «forum av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan», som skal møtast minst éin gong i året, med ein representant frå Kommissjonen til stades.

2. Forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan skal ha til oppgåve å sikre einsarta framgangsmåtar i samband med følgjande:

- a) akkreditering av eller lisensutferding til miljøkontrollørar i medhald av denne forordninga, medrekna avslag og mellombels og endeleg tilbakekalling av akkrediteringa eller lisensen,
- b) tilsyn med den verksemda som vert utført av miljøkontrollørar som har akkreditering eller lisens.

3. Forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan skal utarbeide retningslinjer for spørsmål som gjeld kompetanseområdet til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan.

4. Forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan fastset møteføresegnene sine.

5. Retningslinjene som er nemnde i nr. 3, og møteføresegnene som er nemnde i nr. 4, skal sendast over til Kommisjonen.

6. Eit framlegg til retningslinjer om framgangsmåtar for harmonisering, som er godkjent av forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan, skal leggast fram av Kommisjonen til vedtaking i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 49 nr. 3.

Desse dokumenta skal gjerast offentleg tilgjengelege.

Artikkel 31

Fagfellevurdering av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan

1. Fagfellevurderinga med omsyn til akkreditering av og lisensutferdning til miljøkontrollørar i medhald av denne forordninga, som skal organiserast av forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan, skal utførast jamleg og minst kvart fjerde år, og skal omfatte ei vurdering av dei reglane og framgangsmåtane som er fastsette i artikkel 28 og 29.

Alle akkrediterings- og lisensutferdingsorgan skal ta del i fagfellevurderinga.

2. Forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan skal jamleg sende over ein rapport om fagfellevurderinga til Kommisjonen og til det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 49 nr. 1.

Denne rapporten skal gjerast offentleg tilgjengeleg etter at han er godkjend av forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan og det utvalet som er nemnt i første leddet.

KAPITTEL VII

REGLAR SOM SKAL NYTTAST PÅ MEDLEMSSTATANE

Artikkel 32

Hjelp til organisasjonar når det gjeld etterleving av lovfesta miljøkrav

1. Medlemsstatane skal sikre at organisasjonane får tilgang til opplysningar og tilbod om hjelp i samband med lovfesta miljøkrav i den aktuelle medlemsstaten.

2. Slik hjelp skal omfatte følgjande:

a) opplysningar om gjeldande lovfesta miljøkrav,

b) identifisering av dei rette tilsynsstyresmaktene for særlege lovfesta miljøkrav som er utpeikte som gjeldande.

3. Medlemsstatane kan overføre dei oppgåvene som er nemnde i nr. 1 og 2, til dei rette organa eller til eventuelle andre organ som har den naudsynte sakkunnskapen og tilstrekkelege ressursar til å fullføre oppgåva.

4. Medlemsstatane skal syte for at tilsynsstyresmaktene svarar på spørsmål, i det minste frå små organisasjonar, om dei gjeldande lovfesta miljøkrava som høyrer inn under kompetanseområdet deira, og gje opplysningar til organisasjonane om dei måtane som dei kan nytte for å vise korleis organisasjonen oppfyller dei gjeldande lovfesta krava.

5. Dersom registrerte organisasjonar ikkje etterlever dei gjeldande lovfesta miljøkrava, skal medlemsstatane syte for at dei rette tilsynsstyresmaktene melder frå til det rette organet som har registrert organisasjonen.

Den rette tilsynsstyresmakta skal melde frå til det rette organet så snart som råd, og seinast éin månad etter at ho har fått kjennskap til den manglande etterlevinga.

Artikkel 33

Fremjing av EMAS

1. Medlemsstatane skal, i samarbeid med dei rette organa, tilsynsstyresmaktene og andre relevante aktørar, fremje EMAS-ordninga, samstundes som det vert teke omsyn til den verksemda som er nemnd i artikkel 34–38.

2. For dette føremålet kan medlemsstatane utarbeide ein marknadsføringsstrategi som skal reviderast jamleg.

Artikkel 34

Opplysningar

1. Medlemsstatane skal gjere eigna tiltak for å gje opplysningar til

a) ålmenta om måla for og dei viktigaste delane av EMAS,

b) organisasjonane om innhaldet i denne forordninga.

2. Når det er føremålstenleg, skal medlemsstatane nytte fagtidsskrift, lokalaviser, reklamekampanjar eller andre eigna middel for å gje EMAS meir allmenn kjend.

Medlemsstatane kan særleg samarbeide med industri-samanslutningar, forbrukarorganisasjonar, miljøorganisasjonar, fagforeiningar, lokale institusjonar og andre relevante aktørar.

*Artikkel 35***Reklameverksemd**

1. Medlemsstatane skal drive reklameverksemd for EMAS. Slik verksemd kan omfatte følgjande:

- a) å fremje utvekslinga av kunnskap om og beste praksis når det gjeld EMAS, blant alle partane som det gjeld,
- b) å utvikle effektive verktøy for fremjing av EMAS, og stille desse til rådvelde for organisasjonane,
- c) å gje teknisk støtte til organisasjonane i samband med utforminga og gjennomføringa av verksemda deira knytte til marknadsføring av EMAS,
- d) å oppmuntre til partnerskap mellom organisasjonane for å fremje EMAS.

2. EMAS-logoen utan registreringsnummer kan nyttast av rette organ, akkrediterings- og lisensutferdingsorgan, nasjonale styresmakter og andre aktørar, til marknadsførings- og reklamefremål for å fremje EMAS. I slike tilfelle skal bruken av EMAS-logoen slik det er fastsett i vedlegg V, ikkje gje inntrykk av at brukaren er registrert dersom dette ikkje er tilfelle.

*Artikkel 36***Fremjing av deltakinga frå små organisasjonar**

Medlemsstatane skal gjere høvelege tiltak for å oppmuntre til deltaking frå små organisasjonar, m.a. ved å:

- a) lette tilgangen til opplysningar og støttemidlar som er særleg tilpassa deira behov,
- b) syte for at rimelege registreringsgebyr kan oppmuntre til slik deltaking,
- c) fremje tiltak for teknisk støtte.

*Artikkel 37***Klynger og stegvis tilnærming**

1. Medlemsstatane skal oppmuntre til at lokale styresmakter, i samarbeid med industrisamanslutningar, handelskammer og andre partar som det gjeld, gjev særleg hjelp til klynger av organisasjonar, slik at dei kan oppfylle dei krava til registrering som er nemnde i artikkel 4, 5 og 6.

Kvar organisasjon i klynga skal registrerast separat.

2. Medlemsstatane skal oppmuntre organisasjonane til å innføre ei miljøstyringsordning. Dei skal særleg oppmuntre til ei stegvis tilnærming med sikte på EMAS-registrering.

3. Ordningar som er innførte i medhald av nr. 1 og 2, skal setjast i verk med det føremålet at deltakarane skal unngå unødvendige kostnader, særleg når det gjeld små organisasjonar.

*Artikkel 38***EMAS og andre politikkområde og verkemiddel i Fellesskapet**

1. Utan at det rører ved fellesskapsregelverket skal medlemsstatane vurdere korleis EMAS-registrering i samsvar med denne forordninga kan

- a) takast omsyn til ved utarbeidinga av nytt regelverk,
- b) nyttast som eit verktøy ved bruken og gjennomføringa av regelverket,
- c) takast omsyn til ved offentlege innkjøp.

2. Utan at det rører ved fellesskapsregelverket, særleg når det gjeld regelverket for konkurranse, skattelegging og statsstøtte, skal medlemsstatane, der det er føremålstenleg, gjere tiltak for å gjere det lettare for organisasjonane å verte EMAS-registrerte, eller halde registreringa ved lag.

Desse tiltaka kan m.a. omfatte følgjande:

- a) enklare reglar, slik at ein registrert organisasjon vert rekna for å oppfylle visse lovfesta miljøkrav som er fastsette i andre rettsakter, og som dei rette styresmaktene har fastsett,
- b) betre regelverk, noko som kan føre til at andre rettsakter vert endra, slik at byrder på organisasjonar som tek del i EMAS, vert fjerna, reduserte eller forenkla med sikte på å fremje velfungerande marknader og å betre konkurransevna.

*Artikkel 39***Gebyr**

1. Medlemsstatane kan påleggje gebyr, samstundes som dei skal ta omsyn til følgjande:

- a) dei kostnadene som kjem på i samband med informasjon og hjelp til organisasjonane frå dei organa som er utpeikte eller oppnemnde av medlemsstatane i medhald av artikkel 32,
- b) dei kostnadene som kjem på i samband med akkreditering av, lisensutferding til og tilsyn med miljøkontrollørar,
- c) kostnader i samband med registrering, fornying av registrering, mellombels og endeleg stryking av registreringar hjå rette organ, og tilleggskostnader knytte til forvaltninga av desse prosessane for organisasjonar utanfor Fellesskapet.

Desse gebyra skal vere rimelege og stå i høve til storleiken til organisasjonen og omfanget av det arbeidet som skal utførast.

2. Medlemsstatane skal syte for at organisasjonane får melding om alle gebyr som kan påleggjast.

Artikkel 40

Manglande etterleving

1. Medlemsstatane skal gjere høvelege rettslege eller forvaltingsmessige tiltak mot alle brot på føresegnene i denne forordninga.

2. Medlemsstatane skal setje i verk effektive føresegner for å hindre at EMAS-logoen vert nytta på ein måte som er i strid med denne forordninga.

Det kan nyttast føresegner som er sette i verk i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/29/EF av 11. mai 2005 om foretaks urimelige handelspraksis overfor forbrukere i det indre marked⁽¹⁾.

Artikkel 41

Opplysningar og rapportering til Kommisjonen

1. Medlemsstatane skal gje Kommisjonen opplysningar om oppbygginga av og framgangsmåtane for verksemda til dei rette organa og akkrediterings- og lisensutferdingsorganane, og skal ajourføre desse opplysningane når det er føremålstenleg.

2. Medlemsstatane skal annakvart år sende over ein rapport til Kommisjonen med ajourførte opplysningar om dei tiltaka som er gjorde i medhald av denne forordninga.

I desse rapportane skal medlemsstatane ta omsyn til den nyaste rapporten som Kommisjonen har lagt fram for Europaparlamentet og Rådet i medhald av artikkel 47.

KAPITTEL VIII

REGLAR SOM GJELD FOR KOMMISJONEN

Artikkel 42

Opplysningar

1. Kommisjonen skal gje opplysningar til
 - a) ålmenta om måla for og dei viktigaste delane av EMAS,
 - b) organisasjonane om innhaldet i denne forordninga.

2. Kommisjonen skal halde ved lag og gjere offentleg tilgjengeleg

- a) eit register over miljøkontrollørar og registrerte organisasjonar,
- b) ein database med miljøfråsegner i elektronisk format,
- c) ein database med beste praksis når det gjeld EMAS, medrekna m.a. effektive verktøy for å fremje EMAS og døme på teknisk støtte til organisasjonar,
- d) ei liste over fellesskapsmidlar for finansiering av gjennomføringa av EMAS og tilhøyrande prosjekt og verksemd.

Artikkel 43

Samarbeid og samordning

1. Der det er føremålstenleg, skal Kommisjonen fremje samarbeidet mellom medlemsstatane, særleg for å oppnå ein einsarta og samordna bruk av reglane i heile Fellesskapet når det gjeld følgjande:

- a) registrering av organisasjonar,
- b) miljøkontrollørar,
- c) opplysningane og hjelpa som er nemnde i artikkel 32.

2. Utan at det rører ved fellesskapsregelverket for offentlege innkjøp skal Kommisjonen og andre fellesskapsinstitusjonar og -organ, når det er føremålstenleg, vise til EMAS eller andre miljøstyringsordningar som er godkjende i samsvar med artikkel 45, eller tilsvarende, som vilkår for gjennomføring av bygge- og anleggskontraktar og kontraktar om tenesteyting.

Artikkel 44

Integrering av EMAS i andre politikkområde og verkemiddel i Fellesskapet

Kommisjonen skal vurdere korleis EMAS-registrering i samsvar med denne forordninga kan verte

1. teken omsyn til ved utarbeidinga av nytt regelverk og revisjon av eksisterande regelverk, særleg i form av enklare reglar og betre regelverk slik det er gjort greie for i artikkel 38 nr. 2,
2. nyttast som eit verktøy ved bruken og gjennomføringa av regelverket.

⁽¹⁾ TEU L 149 av 11.6.2005, s. 22.

Artikkel 45

Tilhøvet til andre miljøstyringsordningar

1. Medlemsstatane kan sende over til Kommissjonen ei skriftleg oppmoding om godkjenning av eksisterande miljøstyringsordningar, eller delar av slike, som er sertifiserte i samsvar med føremålstenlege sertifiseringsprosedyrar som er godkjende på nasjonalt eller regionalt plan, slik at dei vert rekna for å oppfylle dei tilsvarande krava i denne forordninga.
2. I oppmodinga si skal medlemsstatane gjere greie for kva delar av miljøstyringsordningane og tilsvarande krav i denne forordninga som er relevante.
3. Medlemsstatane skal gje prov på at alle dei relevante delane av den miljøstyringsordninga som det gjeld, er jamgode med denne forordninga.
4. Kommissjonen skal, etter å ha granska den oppmodinga som er nemnd i nr. 1, og i samsvar med framgangsmåten med rådgjevande utval som er nemnd i artikkel 49 nr. 2, godkjenne dei delane av miljøstyringsordningane som er relevante, og godkjenne akkrediterings- eller lisensutferdingskrava til sertifiseringsorgana dersom han meiner at ein medlemsstat
 - a) i oppmodinga si klart har gjort greie for kva delar av miljøstyringsordningane og tilsvarande krav i denne forordninga som er relevante,
 - b) har gjeve tilstrekkeleg prov på at alle dei relevante delane av den miljøstyringsordninga som det gjeld, er jamgode med denne forordninga.
5. Kommissjonen skal offentleggjere tilvisingane til dei godkjende miljøstyringsordningane, medrekna dei relevante delane av EMAS som er nemnde i vedlegg I, og som desse tilvisingane gjeld for, og til dei godkjende akkrediterings- eller lisensutferdingskrava, i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 46

Utarbeiding av referansedokument og retningslinjer

1. Kommissjonen skal, i samråd med medlemsstatane og andre aktørar, utarbeide sektorvise referansedokument som skal innehalde følgjande:
 - a) beste miljøstyringspraksis,
 - b) indikatorar for miljøprestasjon for visse sektorar,
 - c) der det er aktuelt, standardverdiar for referansemåling av beste kvalitet, og klassifiseringsordningar som viser nivåa for miljøprestasjon.

Kommissjonen kan òg utarbeide referansedokument for sektorovergripande bruk.

2. Kommissjonen skal ta omsyn til eksisterande referansedokument og indikatorar for miljøprestasjon som er utarbeide i samsvar med annan miljøpolitikk og andre miljøretta verkemiddel i Fellesskapet, eller internasjonale standardar.

3. Kommissjonen skal, innan utgangen av 2010, utarbeide ein arbeidsplan der det er fastsett ei rettleiande liste over sektorar som kan reknast for å ha prioritet for vedtakinga av sektorvise og sektorovergripande referansedokument.

Arbeidsplanen skal gjerast offentleg tilgjengeleg og ajourførast jamleg.

4. Kommissjonen skal, i samarbeid med forumet av rette organ, utarbeide retningslinjer for registrering av organisasjonar utanfor Fellesskapet.

5. Kommissjonen skal offentleggjere ei brukarrettleiing der det vert gjort greie for korleis dei skal gå fram for å ta del i EMAS.

Denne rettleiinga skal vere tilgjengeleg på alle dei offisielle språka til institusjonane i Den europeiske unionen, òg på Internett.

6. Dokumenta som vert utarbeide i samsvar med nr. 1 og 4, skal leggjast fram for vedtaking. Dei tiltaka som er utarbeide for å endre ikkje-grunnleggjande føresegner i denne forordninga ved å utfylle henne, skal vedtakast i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 49 nr. 3.

Artikkel 47

Rapportering

Kommissjonen skal kvart femte år sende over til Europaparlamentet og Rådet ein rapport med opplysningar om verksemd og tiltak som er gjorde i medhald av dette kapitlet, og om dei opplysningane som er mottokne frå medlemsstatane i medhald av artikkel 41.

Rapporten skal innehalde ei vurdering av den verknaden ordninga har på miljøet, og opplysningar om tendensen når det gjeld talet på deltakarar.

KAPITTEL IX

SLUTTFØRESEGNER

Artikkel 48

Endring av vedlegga

1. Dersom det er naudsynt eller føremålstenleg, kan Kommissjonen endre vedlegga i lys av dei røynsleane som er gjorde ved gjennomføringa av EMAS, som reaksjon på dei behova for retningslinjer om EMAS-krav som er påviste, og i lys av eventuelle nye standardar eller endringar i internasjonale standardar som er relevante for verkemåten til denne forordninga.

2. Dei tiltaka som er utarbeidde for å endre ikkje-grunnleggjande føresegner i denne forordninga, skal vedtakast i samsvar med framgangsmåten med forskriftsutval med kontroll som er nemnd i artikkel 49 nr. 3.

Artikkel 49

Utvalsframgangsmåte

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5a nr. 1–4 og artikkel 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Artikkel 50

Revisjon

Kommisjonen skal innan 11. januar 2015 revidere EMAS i lys av dei røynsleane som er gjorde ved gjennomføringa av ordninga, og den internasjonale utviklinga. Han skal ta omsyn til dei rapportane som vert sende over til Europaparlamentet og Rådet i samsvar med artikkel 47.

Artikkel 51

Oppheving og overgangsføresegner

1. Følgjande rettsakter vert oppheva:
 - a) forordning (EF) nr. 761/2001,
 - b) kommisjonsvedtak 2001/681/EF av 7. september 2001 om retningslinjer for gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 om frivillig deltaking for organisasjonar i en fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽¹⁾,

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Strasbourg, 25. november 2009.

For Europaparlamentet

J. BUZEK

President

For Rådet

Å. TORSTENSSON

Formann

c) kommisjonsvedtak 2006/193/EF av 1. mars 2006 om fastsetjing av reglar i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 om bruk av EMAS-logoen i unntakstilfelle på transportemballasje og tertiæremballasje⁽²⁾.

2. Med atterhald for nr. 1

- a) skal nasjonale akkrediteringsorgan og rette organ som er oppnemnde i medhald av forordning (EF) nr. 761/2001, halde fram med verksemda si. Medlemsstatane skal endre dei framgangsmåtane som vert nytta av akkrediteringsorgan og rette organ, i samsvar med denne forordninga. Medlemsstatane skal syte for at ordningane for gjennomføring av dei endra framgangsmåtane, fungerer fullgodt innan 11. januar 2011,
 - b) skal organisasjonar som er registrerte i samsvar med forordning (EF) nr. 761/2001, framleis vere oppførte i EMAS-registeret. Neste gong ein miljøkontrollør skal kontrollere ein organisasjon, skal han kontrollere om organisasjonen etterlever dei nye krava i denne forordninga. Dersom den neste kontrollen skal utførast innan 11. juli 2010, kan fristen for neste kontroll lengjast med seks månader etter avtale med miljøkontrolløren og dei rette organa,
 - c) kan miljøkontrollørar som har akkreditering i samsvar med forordning (EF) nr. 761/2001, halde fram med å utføre verksemda si i samsvar med dei krava som er fastsette i denne forordninga.
3. Tilvisingar til forordning (EF) nr. 761/2001 skal forståast som tilvisingar til denne forordninga og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg VIII.

Artikkel 52

Ikraftsetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

⁽¹⁾ TEF L 247 av 17.9.2001, s. 24.

⁽²⁾ TEU L 70 av 9.3.2006, s. 63.

VEDLEGG I

MILJØGJENNOMGÅING

Miljøgjennomgåinga skal omfatte dei følgjande områda:

1. **Fastsetjing av gjeldande lovfesta miljøkrav.**

I tillegg til utarbeidinga av ei liste over gjeldande lovfesta krav, skal organisasjonen vise korleis det kan provast at han oppfyller dei ulike krava.

2. Fastsetjing av alle direkte og indirekte miljøaspekt som har vesentlege miljøverknader, der det vert opplyst om eigenskapar og kvantitet, alt etter kva som høver, og utarbeiding av eit register over dei som vert rekna som vesentlege.

Ein organisasjon skal ta omsyn til dei følgjande spørsmåla når han vurderer kor vesentleg eit miljøaspekt er:

- i) Eventuell risiko for at det kan føre til miljøskadar.
- ii) Kor sårbart det lokale, regionale eller globale miljøet er.
- iii) Omfanget av, talet på, frekvensen til og reversibiliteten til aspektet eller verknaden.
- iv) Førekosten av og krava i relevant miljøregelverk.
- v) Kor viktig det er for aktørar og arbeidstakarar i organisasjonen.

a) Direkte miljøaspekt

Direkte miljøaspekt er knytte til verksemda, produkta og tenestene til sjølve organisasjonen, som han har direkte styringsmessig kontroll over.

Alle organisasjonar må vurdere dei direkte aspekta ved verksemda si.

Direkte miljøaspekt er knytte til, men ikkje avgrensa til, følgjande:

- i) lovfesta krav og avgrensingar når det gjeld løyve,
- ii) utslepp til atmosfæren,
- iii) utslepp til vatn,
- iv) produksjon, materialattvinning, ombruk, transport og slutthandsaming av fast og anna avfall, særleg farleg avfall,
- v) bruk og ureining av jord,
- vi) bruk av naturressursar og råstoff (medrekna energi),
- vii) bruk av tilsetjingsstoff og hjelpestoff, og halvfabrikat,
- viii) lokale aspekt (støy, vibrasjon, lukt, støv, utsjånad osv.),
- ix) transportspørsmål (gjeld både varer og tenester),
- x) risiko for miljølukker og -verknader som oppstår eller truleg kan oppstå som følge av hendingar, ulukker og moglege naudssituasjonar,
- xi) verknader på biologisk mangfald.

b) Indirekte miljøaspekt

Indirekte miljøaspekt kan vere eit resultat av samspelet mellom ein organisasjon og tredjemann, og kan i rimeleg grad verte påverka av ein organisasjon som søker om EMAS-registrering.

For organisasjonar utanfor industrisektoren, t.d. lokale styresmakter eller finansinstitusjonar, er det særskild viktig at dei òg vurderer dei miljøaspekta som er knytte til kjerneverksemda deira. Det er ikkje tilstrekkeleg med ei innhaldsliste som er avgrensa til miljøaspekta til området og anlegga til ein organisasjon.

Desse omfattar, men er ikkje avgrensa til, følgjande:

- i) spørsmål knytte til livssyklusen til eit produkt (utforming, utarbeiding, emballasje, transport, bruk og attvinning/slutthandsaming av avfall),
- ii) kapitalinvesteringar, yting av lån og forsikringstenester,
- iii) nye marknader,
- iv) val og samansetnad av tenester (t.d. transport eller catering),
- v) avgjerder knytte til forvaltning og planlegging,
- vi) samansetnad av produktutval,
- vii) miljøprestasjon og miljøpraksis hjå entreprenørar, underleverandørar og leverandørar.

Organisasjonane må kunne dokumentere at dei vesentlege miljøaspekta som er knytte til framgangsmåtane deira ved tildeling av kontraktar, er fastsette, og at viktige miljøverknader knytte til desse aspekta, vert tekne hand om innanfor styringsordninga. Organisasjonen bør leggje vinn på å sikre at leverandørane og dei som handlar på vegner av organisasjonen, følgjer opp miljøpolitikken til organisasjonen når dei utfører verksemd som høyrer inn under kontrakten.

Når det gjeld desse indirekte miljøaspekta, skal ein organisasjon vurdere kor stor innverknad han kan ha på desse aspekta, og kva tiltak som kan gjerast for å redusere miljøverknaden.

3. Omtale av kriteria for å vurdere kor viktig miljøverknaden er

Ein organisasjon skal definere kriteria for å vurdere kor viktige miljøaspekta ved verksemda, produkta og tenestene hans er, for såleis å fastsetje kva for aspekt som har ein vesentleg miljøverknad.

Dei kriteria som vert utarbeidde av ein organisasjon, skal ta omsyn til fellesskapsregelverket, og skal vere omfattande, kunne kontrollrast på ein uavhengig måte, kunne reproduserast og kunne gjerast offentleg tilgjengelege.

Kriteria som skal definerast for å vurdere kor viktige miljøaspekta til ein organisasjon er, kan m.a. omfatte følgjande:

- a) opplysningar om miljøtilstanden med sikte på å fastleggje kva for verksemd, produkt og tenester til organisasjonen som kan ha ein miljøverknad,
- b) data som organisasjonen har om tilførsel av materiale og energi, utslepp og avfall sett i høve til risiko,
- c) synspunkta til dei partane som det gjeld,
- d) kva delar av miljøverksemda til ein organisasjon som er lovregulerte,
- e) innkjøpsverksemd,
- f) utforming, utarbeiding, framstilling, distribusjon, tenesteyting, bruk, ombruk, materialattvinning og slutthandsaming av produkta til organisasjonen,
- g) den verksemda til organisasjonen som har dei største miljøkostnadene og dei største miljømessige føremonene.

Ved vurderinga av vesentlege miljøverknader av verksemda til ein organisasjon skal organisasjonen ikkje berre ta omsyn til vanlege driftsvilkår, men òg til tilhøve som er knytte til igangsetjing og stenging, og til naudssituasjonar som er rimeleg sannsynlege. Det skal takast omsyn til tidlegare, noverande og planlagd verksemd.

4. Gransking av all eksisterande praksis og alle eksisterande framgangsmåtar for miljøstyring.
5. Vurdering av tilbakemeldingar frå gransking av tidlegare hendingar.

VEDLEGG II

Krav til miljøstyringsordningar og andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, bør ta omsyn til

Krava til miljøstyringsordninga i medhald av EMAS er dei som er fastsette i del 4 i standarden EN ISO 14001:2004. Desse krava er attgjevne i venstre kolonne i tabellen nedanfor, som utgjer del A i dette vedlegget.

I tillegg skal registrerte organisasjonar ta omsyn til ein del andre spørsmål som er direkte knytte til fleire av punkta i del 4 i standarden EN ISO 14001:2004. Desse tilleggskrava er oppførte i høgre kolonne nedanfor, som utgjer del B i dette vedlegget.

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>Organisasjonar som tek del i ordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), skal gjennomføre krava i EN ISO 14001:2004, som det er gjort greie for i del 4 i den europeiske standarden⁽¹⁾, og som er attgjevne fullt ut nedanfor:</p> <p>A. Krav til miljøstyringsordningar</p> <p>A.1. Generelle krav</p> <p>Organisasjonen skal etablere, dokumentere, setje i verk, halde ved lag og kontinuerleg betre ei miljøstyringsordning i medhald av krava i denne standarden, og slå fast korleis han vil oppfylle desse krava.</p> <p>Organisasjonen skal fastsetje og dokumentere omfanget av miljøstyringsordninga si.</p> <p>A.2. Miljøpolitikk</p> <p>Den øvste leiinga skal fastsetje miljøpolitikken til organisasjonen og sikre at miljøpolitikken innanfor det fastsette omfanget av miljøstyringsordninga</p> <p>a) er føremålstenleg for typen, omfanget og miljøverknadene av aktivitetane, produkta og tenestene til organisasjonen,</p> <p>b) omfattar ei plikt til kontinuerleg betring og førebygging av ureining,</p> <p>c) omfattar ei plikt til å etterleve aktuelle lovfesta krav og andre krav som organisasjonen legg på seg sjølv med omsyn til miljøaspekta sine,</p> <p>d) gjev ramma for å fastsetje og gjennomgå miljømål og -delmål,</p> <p>e) er dokumentert, sett i verk og halden ved lag,</p> <p>f) er kommunisert til alle som arbeider for eller på vegner av organisasjonen, og</p> <p>g) er tilgjengeleg for ålmenta.</p>	

⁽¹⁾ Teksta som er attgjeven i dette vedlegget, er nytta med løyve frå Den europeiske standardiseringsorganisasjonen (CEN). Den fullstendige teksta kan kjøpast hjå dei nasjonale standardiseringsorgana, som er oppførte på ei liste i dette vedlegget. Attgjeving av dette vedlegget for kommersielle føremål, er ikkje tillate.

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>A.3. Planlegging</p> <p>A.3.1. Miljøaspekt</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar</p> <p>a) for å identifisere miljøaspekta ved aktivitetane, produkta og tenestene hans innanfor det fastsette omfanget av miljøstyringsordninga som han kan kontrollere, og dei som han kan påverke, når det vert teke omsyn til planlagd og ny utvikling, eller nye eller endra aktivitetar, produkt og tenester, og</p> <p>b) for å slå fast kva aspekt som har eller kan ha vesentleg verknad på miljøet (dvs. vesentlege miljøaspekt).</p> <p>Organisasjonen skal dokumentere denne informasjonen og halde han à jour.</p> <p>Organisasjonen skal sikre at det vert teke omsyn til vesentlege miljøaspekt når han etablerer, set i verk og held ved lag miljøstyringsordninga si.</p>	<p>B.1. Miljøgjennomgåing</p> <p>Organisasjonane skal utføre ei innleiande miljøgjennomgåing slik det er fastsett i vedlegg I, for å identifisere og vurdere miljøaspekta sine og identifisere gjeldande lovfesta miljøkrav.</p> <p>Organisasjonar utanfor Fellesskapet skal òg vise til dei lovfesta miljøkrava som gjeld for liknande organisasjonar i medlemsstatane der dei aktar å sende inn ein søknad.</p>
<p>A.3.2. Lovfesta krav og andre krav</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar</p> <p>a) for å identifisere og ha tilgang til gjeldande lovfesta krav og andre krav som organisasjonen legg på seg sjølv med omsyn til miljøaspekta sine, og</p> <p>b) for å slå fast korleis desse krava gjeld for miljøaspekta hans.</p> <p>Organisasjonen skal sikre at det vert teke omsyn til aktuelle lovfesta krav og andre krav som organisasjonen legg på seg sjølv når han etablerer, set i verk og held ved lag miljøstyringsordninga si.</p>	<p>B.2. Etterleving av regelverket</p> <p>Organisasjonar som ønskjer EMAS-registrering, skal kunne vise at dei</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) har kjennskap til alle gjeldande lovfesta miljøkrav som er fastsette under miljøgjennomgåinga i samsvar med vedlegg I, og kjenner til kva følgjer desse krava har for organisasjonen, 2) pliktar seg til å etterleve miljøregelverket, medrekna løyve og avgrensingar når det gjeld løyve, og 3) har innført framgangsmåtar som gjer det mogleg for organisasjonen heile tida å oppfylle desse krava.

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>A.3.3. Mål, delmål og program</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag dokumenterte miljømål og -delmål for relevante funksjonar og nivå i organisasjonen.</p> <p>Dersom det er mogleg, skal måla og delmåla vere målbare, og dei skal vere i samsvar med miljøpolitikken, medrekna pliktene til å førebyggje ureining, i samsvar med aktuelle lovfesta krav og andre krav som organisasjonen legg på seg sjølv, og til kontinuerleg betring.</p> <p>Når organisasjonen etablerer og går gjennom måla og delmåla sine, skal han ta omsyn til lovfesta krav og andre krav som han legg på seg sjølv, og til dei vesentlege miljøaspekta sine. Han skal òg vurdere dei tekniske alternativa som ligg føre, dei økonomiske, driftsmessige og forretningsmessige krava sine og oppfatningane til dei partane som det gjeld.</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag eitt eller fleire program for å nå måla og delmåla sine. Programmet/programma skal omfatte</p> <p>a) utpeiking av ansvar for å nå mål og delmål for aktuelle funksjonar og nivå i organisasjonen, og</p> <p>b) verkemiddel og tidsramme for å nå dei.</p> <p>A.4. Iverksetjing og drift</p> <p>A.4.1. Ressursar, oppgåver, ansvar og fullmakt</p> <p>Leiinga skal sikre tilgangen på dei ressursane som er naudsynte for å etablere, setje i verk, halde ved lag og betre miljøstyringsordninga. Ressursane omfattar menneskelege ressursar og særlege former for dugleik, teknologi og økonomiske ressursar.</p>	<p>B.3. Miljøprestasjon</p> <p>1) Organisasjonane skal kunne dokumentere at styringsordninga og framgangsmåtane deira for revisjon omfattar den faktiske miljøprestasjonen til organisasjonen med omsyn til dei direkte og indirekte aspekta som er påviste ved miljøgjennomgåinga i medhald av vedlegg I.</p> <p>2) Miljøprestasjonen til organisasjonen sett i høve til måla og delmåla hans skal vurderast som ein del av gjennomgåinga til leiinga. Organisasjonen skal òg forplikte seg til å stadig betre miljøprestasjonen sin. Organisasjonen kan då byggje verksemda si på lokale, regionale og nasjonale miljøprogram.</p> <p>3) Midla for å nå desse måla og delmåla kan ikkje vere miljømål. Dersom organisasjonen omfattar eitt eller fleire område, skal kvart av desse områda som EMAS skal nyttast på, oppfylle alle EMAS-krava, medrekna kravet om ei stadig betring av miljøprestasjonen slik det er definert i artikkel 2 nr. 2.</p>

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>Opgåver, ansvar og fullmakter skal fastsetjast, dokumenterast og kommuniserast for å leggje til rette for effektiv miljøstyring.</p> <p>Den øvste leiinga i organisasjonen skal peike ut ein eller fleire representantar for leiinga som, uavhengig av anna ansvar, skal ha fastsette oppgåver, ansvar og fullmakt til å</p> <p>a) sikre at ei miljøstyringsordning er etablert, sett i verk og halden ved lag i samsvar med krava i denne standarden,</p> <p>b) rapportere til den øvste leiinga om verknadsgraden til miljøstyringsordninga når det gjeld gjennomgåing, medrekna tilrådingar om betringar.</p> <p>A.4.2. Kompetanse, opplæring og medvit</p> <p>Organisasjonen skal sikre at alle personar som utfører oppgåver på vegner av eller for organisasjonen, som organisasjonen kjenner til kan medføre vesentleg(e) miljøverknad(er), er kompetente med omsyn til relevant utdanning, opplæring eller røynsle. Organisasjonen skal ta vare på dokumentasjonen som gjeld dette.</p> <p>Organisasjonen skal identifisere opplæringsbehov som er knytte til miljøaspekta sine og miljøstyringsordninga si. Han skal tilby opplæring eller på annan måte gjere det som trengst for å oppfylle desse behova, og han skal ta vare på tilhøyrande dokumentasjon.</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for å gjere personar som arbeider for han eller på vegner av han, klar over</p> <p>a) kor viktig det er at det er samsvar med miljøpolitikken og prosedyrane, og med krava i miljøstyringsordninga,</p>	<p>B.4. Medverknad frå arbeidstakarane</p> <p>1) Organisasjonen skal sannkjenne at aktiv medverknad frå arbeidstakarane er ei drivkraft og ein føresetnad for kontinuerlege og vellukka miljøbetringar, og dessutan ein viktig ressurs i betringa av miljøprestasjonen og den rette metoden for å forankre miljøstyrings- og miljørevisjonsordninga til organisasjonen på ein vellukka måte.</p> <p>2) Termen «deltaking frå arbeidstakarane» omfattar både deltaking av og opplysningar til den einkilde arbeidstakaren og representantane hans/hennar. Difor er det behov for ei ordning for deltaking frå arbeidstakarar på alle nivå. Organisasjonen bør sannkjenne at engasjement, reaksjonsevne og aktiv støtte frå leiinga er ein føresetnad for at desse prosessane skal verte vellukka. I denne samanhengen er det viktig å understreke behovet for tilbakemelding frå leiinga til arbeidstakarane.</p>

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>b) dei vesentlege miljøspekta og tilsvarande reelle og potensielle miljøverknader som er knytte til arbeidet, og dei miljømessige føremonene ved betre personlege prestasjonar,</p> <p>c) oppgåvene og ansvaret deira når det gjeld å oppnå samsvar med krava i miljøstyringsordninga, og</p> <p>d) dei moglege følgjene av avvik frå fastsette prosedyrar.</p>	<p>3) I tillegg til desse krava skal arbeidstakarane ta del i prosessen som tek sikte på ei kontinuerleg betring av miljøprestasjonen til organisasjonen gjennom følgjande:</p> <p>a) den innleiande miljøgjennomgåinga, analysen av den aktuelle situasjonen og av innsamlinga og kontrollen av opplysningar,</p> <p>b) innføringa og gjennomføringa av ei miljøstyrings- og miljørevisjonsordning som betrar miljøprestasjonen,</p> <p>c) miljøutval som skal samle inn opplysningar og sikre deltaking frå miljøtenestemenn / representantar for leiinga og arbeidstakarar og deira representantar,</p> <p>d) felles arbeidsgrupper til miljøhandlingsprogrammet og miljørevisjonen,</p> <p>e) utarbeiding av miljøfråsegner.</p> <p>4) Føremålstenlege former for deltaking, t.d. ordninga med ei framleggssbok eller prosjektbaserte gruppearbeid eller miljøutval, bør nyttast for dette føremålet. Organisasjonar skal ta omsyn til retningslinjene til Kommisjonen om beste praksis på dette området. Dersom dei ønskjer det, skal òg representantane for arbeidstakarane medverke.</p>
<p>A.4.3. Kommunikasjon</p> <p>Organisasjonen skal med omsyn til miljøspekta sine og miljøstyringsordninga si etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for</p> <p>a) intern kommunikasjon mellom dei ulike nivåa og funksjonane i organisasjonen,</p> <p>b) å ta imot, dokumentere og svare på aktuelle førespurnader frå eksterne partar som det gjeld.</p> <p>Organisasjonen skal vedta om han skal kommunisere eksternt om dei vesentlege miljøspekta sine, og vedtaket skal dokumenterast. Dersom vedtaket er å kommunisere, skal organisasjonen etablere og setje i verk ein eller fleire metodar for denne eksterne kommunikasjonen.</p>	<p>B.5. Kommunikasjon</p> <p>1) Organisasjonane skal kunne dokumentere at dei har ein open dialog med ålmenta og andre partar som det gjeld, medrekna lokalsamfunn og kundar, om miljøverknadene av verksemda si og produkta og tenestene sine, for å identifisere det som ålmenta og andre partar som det gjeld, er opptekne av.</p>

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>A.4.4. Dokumentasjon</p> <p>Dokumentasjonen av miljøstyringsordninga skal omfatte</p> <ul style="list-style-type: none"> a) miljøpolitikken, miljømåla og miljødeltmåla, b) ei utgreiing om omfanget av miljøstyringsordninga, c) ei utgreiing av hovudelementa i miljøstyringsordninga og samspelet mellom dei, og tilvising til tilhøyrande dokument, d) dokument, medrekna registreringar, som denne standarden krev, og e) dokument, medrekna registreringar som organisasjonen har fastsett er naudsynte for å sikre effektiv planlegging, drift og styring av prosessar som gjeld dei vesentlege miljøaspekta hans. <p>A.4.5. Dokumentstyring</p> <p>Det er naudsynt med styring av dei dokumenta som miljøstyringsordninga og denne standarden krev. Registreringar er ein spesiell type dokument, og dei skal styrast i samsvar med krava i nr. A.5.4.</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for å</p> <ul style="list-style-type: none"> a) godkjenne dokument med omsyn til kor tenlege dei er, før utgjeving, b) gjennomgå og om naudsynt ajourføre og godkjenne dokument på nytt, c) sikre at endringar og status som gjeldande versjon av dokument, vert identifiserte, d) sikre at relevante versjonar av gjeldande dokument er tilgjengelege der dei skal nyttast, e) sikre at dokument held fram med å vere leselege og lette å identifisere, f) sikre at dokument med eksternt opphav som organisasjonen har fastsett, er naudsynte for planlegging og drift av miljøstyringsordninga, er identifiserte, og at distribusjonen er styrt, og g) hindre utilsikta bruk av forelda dokument, og å identifisere dei på ein eigna måte dersom dei vert tekne vare på for ymse føremål. 	<ul style="list-style-type: none"> 2) Open, klar og jamleg informasjon om miljøarbeidet er ein svært viktig faktor for å skilje EMAS frå andre ordningar. Denne faktoren er òg viktig for at organisasjonen skal kunne opparbeide tillit hjå dei partane som det gjeld. 3) EMAS er tilstrekkeleg fleksibel til at organisasjonane kan tilpasse relevante opplysningar til særskilde målgrupper, og samstundes sikre at alle opplysningane er tilgjengelege for alle som ønskjer dei.

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>A.4.6. Driftskontroll</p> <p>Organisasjonen skal, i medhald av miljøpolitikken sin og miljømåla og -delmåla sine, identifisere og planleggje dei operasjonane som er knytte til identifiserte vesentlege miljøaspekt, for å sikre at dei vert utførte i samsvar med fastsette vilkår, ved å</p> <p>a) etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire dokumenterte prosedyrar for å kontrollere situasjonar der frávær av slike prosedyrar kan føre til avvik frå miljøpolitikken, miljømåla og -delmåla, og</p> <p>b) fastsetje driftskriterium i prosedyren eller prosedyrane, og</p> <p>c) etablere, setje i verk og halde ved lag prosedyrar som er knytte til dei identifiserte vesentlege miljøaspekta ved varer og tenester som organisasjonen nyttar, og kommunisere aktuelle prosedyrar og krav til leverandørar, medrekna kontraktspartnarar.</p> <p>A.4.7. Beredskap og innsats</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for å identifisere moglege naudssituasjonar og moglege ulukker som kan påverke miljøet, og korleis organisasjonen eventuelt vil reagere.</p> <p>Organisasjonen skal reagere på faktiske naudssituasjonar og ulukker og førebyggje eller redusere påfølgjande uheldige miljøverknader.</p> <p>Organisasjonen skal jamleg gjennomgå og om naudsynt revidere beredskapen sin og reaksjonsprosedyrane sine, særleg etter ulukker eller naudssituasjonar.</p> <p>Organisasjonen skal òg jamleg prøve ut slike prosedyrar når dette er praktisk mogleg.</p> <p>A.5. Kontroll</p> <p>A.5.1. Overvaking og måling</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for jamleg å overvake og måle dei viktigaste eigenskapane ved drifta si som kan ha ein vesentleg miljøverknad. Prosedyren eller prosedyrane skal omfatte dokumentering av informasjon for å overvake prestasjon, aktuelle styringstiltak og samsvar med miljømåla og -delmåla til organisasjonen.</p> <p>Organisasjonen skal sikre at kalibrert og verifisert overvakings- og måleutstyr vert nytta og halde ved like, og han skal ta vare på tilhøyrande registreringar.</p> <p>A.5.2. Samsvarsvurdering</p> <p>A.5.2.1. I medhald av pliktene sine til samsvar skal organisasjonen etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for jamleg å vurdere samsvaret med aktuelle lovfesta krav.</p>	

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>Organisasjonen skal ta vare på registreringane av resultatata av dei jamlege vurderingane.</p> <p>A.5.2.2. Organisasjonen skal vurdere samsvaret med andre krav som han legg på seg sjølv. Dersom han ønskjer det, kan han kombinere denne vurderinga med ei vurdering av etterleving av lovføresegner i samsvar med nr. A.5.2.1, eller han kan etablere ein eigen prosedyre / eigne prosedyrar.</p> <p>Organisasjonen skal ta vare på registreringane av resultatata av dei jamlege vurderingane.</p> <p>A.5.3. Avvik, korrigerande tiltak og førebyggjande tiltak</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for å handtere aktuelle og potensielle avvik og for å setje i verk korrigerande tiltak og førebyggjande tiltak. Prosedyren eller prosedyrane skal fastsetje krav for å</p> <ul style="list-style-type: none"> a) identifisere og rette avvik og setje i verk tiltak for å redusere miljøverknadene deira, b) granske avvik, slå fast årsak(er) og setje i verk tiltak for å hindre at dei skjer igjen, c) vurdere behovet for tiltak for å førebyggje avvik, og setje i verk eigna tiltak for å førebyggje at dei skal oppstå, d) registrere resultatata av gjennomførte korrigerande tiltak og førebyggjande tiltak, og e) gjennomgå nytteverdien av gjennomførte korrigerande tiltak og førebyggjande tiltak. Tiltak som er gjennomførte, skal stå i høve til omfanget av problema og dei påviste miljøverknadene. <p>Organisasjonen skal sikre at det vert gjort naudsynte endringar i dokumentasjonen av miljøstyringsordninga.</p> <p>A.5.4. Kontroll med registreringar</p> <p>Organisasjonen skal etablere og halde ved lag dei registreringane som er naudsynte for å påvise samsvar mellom krava i miljøstyringsordninga og denne standarden, og dei resultatata som er oppnådde.</p> <p>Organisasjonen skal etablere, setje i verk og halde ved lag ein eller fleire prosedyrar for å identifisere, lagre, verne, finne att, ta vare på og stryke registreringar.</p> <p>Registreringane skal vere og halde fram med å vere leselege og kunne identifiserast og sporast.</p>	

DEL A krav til miljøstyringsordningar i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>A.5.5. Intern revisjon</p> <p>Organisasjonen skal sikre at det vert gjennomført intern revisjon av miljøstyringsordninga med planlagde intervall for å</p> <p>a) slå fast om miljøstyringsordninga</p> <ul style="list-style-type: none"> — er i samsvar med planlagde ordningar for miljøstyring, medrekna krava i denne standarden, og — er sett i verk og halden ved lag på rett måte, og <p>b) gje leiinga informasjon om resultatata av revisjonane.</p> <p>Revisjonsprogramma skal planleggjast, etablerast, setjast i verk og haldast ved lag av organisasjonen, samstundes som det vert teke omsyn til korleis den aktuelle drifta verkar inn på miljøet, og til resultatata av tidlegare revisjonar.</p> <p>Det skal etablerast, setjast i verk og haldast ved lag ein eller fleire revisjonsprosedyrar som tek føre seg</p> <ul style="list-style-type: none"> — ansvar og krav som er knytte til planlegging og gjennomføring av revisjonar, rapportering av resultat og forvaring av tilhøyrande registreringar, — fastsetjing av revisjonskriterium, omfang, frekvens og metodar. <p>Val av revisorar og gjennomføring av revisjonar skal sikre ein objektiv og upartisk revisjonsprosess.</p> <p>A.6. Gjennomgåinga til leiinga</p> <p>Den øvste leiinga i organisasjonen skal gjennomgå miljøstyringsordninga med planlagde intervall for å sikre at ho er velegna, tilstrekkeleg og verknadsfull. Gjennomgåinga skal omfatte ei vurdering av moglege betringar av og behovet for endringar av miljøstyringsordninga, medrekna miljøpolitikken og miljømål og -delmål.</p> <p>Registreringane frå gjennomgåinga til leiinga skal forvarast.</p> <p>Grunnlaget for gjennomgåinga til leiinga skal omfatte</p> <p>a) resultat av interne revisjonar og vurderingar av samsvar med lovfesta krav og med andre krav som organisasjonen legg på seg sjølv,</p> <p>b) førespurnader frå eksterne partar som det gjeld, medrekna klager,</p> <p>c) miljøprestasjonen til organisasjonen,</p> <p>d) i kor stor grad mål og delmål er oppnådde,</p> <p>e) status for korrigerande og førebyggjande tiltak,</p> <p>f) oppfølgingstiltak etter tidlegare gjennomgåingar som leiinga har utført,</p>	

DEL A krav til miljøstyringsordninger i medhald av EN ISO 14001:2004	DEL B andre spørsmål som organisasjonar som gjennomfører EMAS, må ta omsyn til
<p>g) endra føresetnader, medrekna utvikling med omsyn til lovfesta krav og andre krav som gjeld miljøaspekta til organisasjonen, og</p> <p>h) tilrådingar om betringar.</p> <p>Resultata av gjennomgåinga til leiinga skal omfatte alle avgjerder og tiltak som gjeld moglege endringar av miljøpolitikk, miljømål, miljødeltmål og andre element i miljøstyringsordninga, i medhald av plikta til kontinuerleg betring.</p> <p>Liste over nasjonale standardiseringsorgan</p> <p>BE: IBN/BIN (Institut Belge de Normalisation/Belgisch Instituut voor Normalisatie)</p> <p>CZ: ČNI (Český normalizační institut)</p> <p>DK: DS (Dansk Standard)</p> <p>DE: DIN (Deutsches Institut für Normung e.V.)</p> <p>EE: EVS (Eesti Standardikeskus)</p> <p>EL: ELOT (Ελληνικός Οργανισμός Τυποποίησης)</p> <p>ES: AENOR (Asociación Española de Normalización y Certificación)</p> <p>FR: AFNOR (Association Française de Normalisation)</p> <p>IE: NSAI (National Standards Authority of Ireland)</p> <p>IT: UNI (Ente Nazionale Italiano di Unificazione)</p> <p>CY: Κυπριακός Οργανισμός Προώθησης Ποιότητας</p> <p>LV: LVS (Latvijas Standarts)</p> <p>LT: LST (Lietuvos standartizacijos departamentas)</p> <p>LU: SEE (Service de l'Énergie de l'État) (Luxembourg)</p> <p>HU: MSZT (Magyar Szabványügyi Testület)</p> <p>MT: MSA (Awtorità Maltija dwar l-Istandards/Malta Standards Authority)</p> <p>NL: NEN (Nederlands Normalisatie-Instituut)</p> <p>AT: ON (Österreichisches Normungsinstitut)</p> <p>PL: PKN (Polski Komitet Normalizacyjny)</p> <p>PT: IPQ (Instituto Português da Qualidade)</p> <p>SI: SIST (Slovenski inštitut za standardizacijo)</p> <p>SK: SÚTN (Slovenská ústav technickej normalizácie)</p> <p>FI: SFS (Suomen Standardisoimisliitto r.y)</p> <p>SE: SIS (Swedish Standards Institute)</p> <p>UK: BSI (British Standards Institution).</p>	<p>Utfyllande liste over nasjonale standardiseringsorgan</p> <p>Nasjonale standardiseringsorgan i medlemsstatar som ikkje er omfatta av EN ISO 14001:2004:</p> <p>BG: BDS (Български институт за стандартизация),</p> <p>RO: ASRO (Asociația de Standardizare din România).</p> <p>Nasjonale standardiseringsorgan i medlemsstatar der eit nasjonalt standardiseringsorgan som er oppført i EN ISO 14001:2004, er vorte bytt ut:</p> <p>CZ: ÚNMZ (Ústav pro technickou normalizaci, metrologii a státní zkušebnictví).</p>

VEDLEGG III

INTERN MILJØREVISJON

A. Revisjonsprogram og revisjonsfrekvens

1. *Revisjonsprogram*

Revisjonsprogrammet skal sikre at leiinga av organisasjonen får dei opplysningane dei treng for å gjennomgå miljøprestasjonen til organisasjonen og nytteverdien av miljøstyringsordninga, og kunne dokumentere at dette er under kontroll.

2. *Måla for revisjonsprogrammet*

Måla skal særleg omfatte ei vurdering av dei styringsordningane som vert nytta, og ei fastsetjing av samsvaret med politikken og programmet til organisasjonen, som skal omfatte etterleving av dei relevante regelverksbaserte miljøkrava.

3. *Verkeområdet for revisjonsprogrammet*

Det samla verkeområdet for kvar einskild revisjon, eller eventuelt av kvart einskilt stadium i ein revisjonsperiode, skal vere klart fastsett, og følgjande skal spesifiserast:

- a) kva område som skal dekkjast,
- b) kva slags verksemd som skal reviderast,
- c) kva miljøkriterium som skal vurderast,
- d) kva tidsrom revisjonen skal omfatte.

Miljørevisjonen skal omfatte ei vurdering av faktiske data som er naudsynte for å vurdere miljøprestasjonen til organisasjonen.

4. *Revisjonsfrekvens*

Revisjonen eller revisjonsperioden som omfattar all verksemd i organisasjonen, skal, slik det høver, fullførast minst kvart tredje år, eller kvart fjerde år dersom det unntaket som er fastsett i artikkel 7, vert nytta. Kor ofte slik verksemd skal reviderast, vil variere etter

- a) arten, omfanget og kompleksiteten i verksemda,
- b) kor viktige dei tilhøyrande miljøverknadene er,
- c) kor viktige og alvorlege dei problema er som er påviste ved tidlegare revisjonar,
- d) tidlegare miljøproblem.

Meir samansett verksemd som har meir vesentlege miljøverknader, skal reviderast oftare.

Organisasjonen skal gjennomføre revisjonar minst ein gong kvart år, då dette vil medverke til å vise overfor leiinga av organisasjonen og miljøkontrolløren at organisasjonen har kontroll over dei mest vesentlege miljøaspekta sine.

Organisasjonen skal utføre revisjonar med omsyn til følgjande:

- a) miljøprestasjonen til organisasjonen, og
- b) organisasjonen si etterleving av gjeldande lovfesta miljøkrav.

B. Revisjonsarbeidet

Revisjonsarbeidet skal omfatte samtalar med personalet, inspeksjon av driftsvilkår og utstyr, og kontroll av journalar, skriftlege rutinar og annan relevant dokumentasjon, med sikte på å vurdere miljøprestasjonen til den forma for verksemd som vert revidert, for å avgjere om ho oppfyller dei gjeldande standardane, reglane eller miljømåla og -delmåla som er fastsette, og om ordninga som er innført for å forvalte miljøansvaret, er effektiv og føremålstenleg, m.a. kan stikkprøvekontroll av samsvaret med desse kriteria nyttast for å avgjere nytteverdien av den samla styringsordninga.

Revisjonsprosessen skal særleg vere samansett av følgjande steg:

- a) forståing av styringsordningane,
- b) vurdering av dei sterke og svake sidene ved styringsordningane,
- c) innsamling av relevant dokumentasjon,
- d) vurdering av resultatata av revisjonen,
- e) utarbeiding av konklusjonane frå revisjonen,
- f) rapportering av resultatata og konklusjonane frå revisjonen.

C. Rapportering av resultatata og konklusjonane frå revisjonen

Dei viktigaste måla for ein skriftleg revisjonsrapport er følgjande:

- a) å dokumentere verkeområdet for revisjonen,
 - b) å gje leiinga opplysningar om status for etterlevinga av miljøpolitikken og miljøframgangen til organisasjonen,
 - c) å gje leiinga opplysningar om kor verknadsfulle og pålitelege ordningane for overvaking av miljøverknader er i organisasjonen,
 - d) å påvise eventuelle behov for korrigerande tiltak.
-

VEDLEGG IV

MILJØRAPPORTERING

A. Innleiing

Miljøinformasjon skal leggjast fram på ein klar og samanhengande måte i elektronisk eller prenta form.

B. Miljøfråsegn

Miljøfråsegna skal innehalde minst dei elementa og oppfylle dei minstekrava som er oppførte nedanfor:

- a) Ei klar og eintydig omtale av organisasjonen som skal registrerast i EMAS, og ei samanfatning av verksemda, produkta og tenestene til organisasjonen, og av tilhøvet mellom organisasjonen og eventuelle mororganisasjonar.
- b) Miljøpolitikken og ei kort utgreiing om miljøstyringsordninga til organisasjonen.
- c) Ei omtale av alle vesentlege direkte og indirekte miljøaspekta som fører til vesentlege miljøverknader frå organisasjonen si side, og ei utgreiing om arten av miljøverknader og korleis desse er knytte til miljøaspekta (vedlegg I.2).
- d) Ei utgreiing om miljømåla og -delmåla sett i høve til vesentlege miljøaspekt og miljøverknader.
- e) Ei oppsummering av tilgjengelege data om miljøprestasjonen til organisasjonen sett i høve til miljømåla og -delmåla hans med omsyn til dei vesentlege miljøverknadene hans. Det skal rapporterast om dei grunnleggjande indikatorane og om andre relevante eksisterande indikatorar for miljøprestasjon, slik det er fastsett i del C.
- f) Andre faktorar som gjeld miljøprestasjonen, medrekna miljøprestasjonen sett i høve til regelverksføresegne med omsyn til dei vesentlege miljøverknadene deira.
- g) Opplysningar om gjeldande lovfesta miljøkrav.
- h) Namnet og akkrediterings- eller lisensnummeret til miljøkontrolløren, og godkjenningsdatoen.

Den ajourførte miljøfråsegna skal innehalde minst dei elementa og oppfylle dei minstekrava som er oppførte i bokstav e)–h).

C. Grunnleggjande indikatorar og andre relevante eksisterande indikatorar for miljøprestasjon**1. Innleiing**

Organisasjonane skal rapportere, både i miljøfråsegna og den ajourførte miljøfråsegna, om dei grunnleggjande indikatorane i den grad dei har samanheng med dei direkte miljøaspekta til organisasjonen og andre relevante eksisterande indikatorar for miljøprestasjon, slik det er fastsett nedanfor.

Rapporteringa skal gje data om faktisk grunnlag/verknad. Dersom offentleggjeringa skulle ha ein uheldig innverknad på den fortrulege handsaminga av forretnings- eller industriopplysningane til ein organisasjon der slik fortruleg handsaming er fastsett i nasjonal lovgjeving eller fellesskapsretten for å verne ei rettkomen økonomisk interesse, kan organisasjonen få løyve til å indeksere desse opplysningane i rapporteringa si, t.d. ved å fastsetje eit basisår (med indeksnummeret 100) der det vil gå fram korleis faktisk grunnlag/verknad har utvikla seg.

Indikatorane skal

- a) gje ei korrekt vurdering av miljøprestasjonen til organisasjonen,
- b) vere forståelege og eintydige,

- c) gje høve til jamføring av miljøprestasjonane til organisasjonen frå år til år, med sikte på å vurdere utviklinga deira,
- d) gje høve til jamføring med sektorvise, nasjonale eller regionale standardverdiar for referansemåling,
- e) gje høve til jamføring med relevante regelverksbaserte krav.

2. Grunnleggjande indikatorar

- a) Dei grunnleggjande indikatorane skal gjelde for alle typar organisasjonar. Dei skal gjelde for prestasjonar på dei følgjande viktige miljøområda:
 - i) energieffektivitet,
 - ii) materialeffektivitet,
 - iii) vatn,
 - iv) avfall,
 - v) biologisk mangfald, og
 - vi) utslepp.

Dersom ein organisasjon konkluderer med at ein eller fleire grunnleggjande indikatorar ikkje er relevante for dei vesentlege direkte miljøaspekta deira, kan denne organisasjonen velje om han vil avleggje rapport om desse grunnleggjande indikatorane. Organisasjonen skal gje ei grunngjeving for dette, med tilvising til miljøgjennomgåinga si.

- b) Kvar grunnleggjande indikator er samansett av følgjande:
 - i) eit tal A som uttrykkjer samla årleg grunnlag/verknad på det aktuelle området,
 - ii) eit tal B som uttrykkjer det samla årlege resultatet til organisasjonen, og
 - iii) eit tal R som uttrykkjer tilhøvet A/B.

Kvar organisasjon skal avleggje rapport om alle desse tre faktorane for kvar einskild indikator.

- c) Opplysningar om samla årleg grunnlag/verknad på det aktuelle området, talet A, skal gjevast på følgjande måte:
 - i) når det gjeld energieffektivitet,
 - «samla direkte energibruk», det samla årlege energiforbruket, uttrykt i MWh eller GJ,
 - «samla bruk av fornybar energi», det samla, prosentvise årlege forbruket av energi (elektrisitet og varme) som organisasjonen har produsert frå fornybare energikjelder,
 - ii) når det gjeld materialeffektivitet,
 - «årleg massestraum av ulike materiale som er nytta» (ikkje medrekna energiberarar og vatn), uttrykt i tonn,
 - iii) når det gjeld vatn,
 - «samla årleg vassforbruk», uttrykt i m³,
 - iv) når det gjeld avfall,
 - «samla årleg produksjon av avfall», fordelt etter type, uttrykt i tonn,
 - «samla årleg produksjon av farleg avfall», uttrykt i kilogram eller tonn,

- v) når det gjeld biologisk mangfald,
 - «arealbruk», uttrykt i m² tettbygd område,
- vi) når det gjeld utslepp,
 - «samla årleg utslepp av klimagassar», som minst skal omfatte utslepp av CO₂, CH₄, N₂O, HFK, PFK og SF₆, uttrykt i tonn CO₂-ekvivalentar,
 - «samla årleg utslepp til atmosfæren», som minst skal omfatte utslepp av SO₂, NO_x og PM, uttrykt i kilogram eller tonn.

I tillegg til dei indikatorane som er definerte ovanfor, kan ein organisasjon òg nytte andre indikatorar for å uttrykkje samla årleg grunnlag/verknad på det aktuelle området.

- d) Opplysningane om det samla årlege resultatet til ein organisasjon, tal B, er dei same for alle område, men vert tilpassa dei ulike typane organisasjonar, alt etter kva form for verksemd dei driv, og skal gjevast på følgjande måte:
 - i) for organisasjonar som driv verksemd innanfor produksjonssektoren (industrien), skal talet vise til samla årleg bruttoprodukt uttrykt i millionar euro, eller samla årleg fysisk produksjon uttrykt i tonn, eller, når det gjeld små organisasjonar, samla årsomsetning eller talet på arbeidstakarar,
 - ii) for organisasjonar som driv verksemd utanfor produksjonssektoren (administrasjon/tenesteyting), skal talet vise til storleiken til organisasjonen, uttrykt i talet på arbeidstakarar.

I tillegg til dei indikatorane som er definerte ovanfor, kan ein organisasjon òg nytte andre indikatorar for å uttrykkje det samla årlege resultatet sitt.

3. *Andre relevante indikatorar for miljøprestasjon*

Kvar organisasjon skal òg kvart år rapportere om prestasjonen sin når det gjeld meir spesifikke miljøaspekt slik han har gjort greie for i miljøfråsegna si, og ta omsyn til dei sektorvise referansedokumenta som er nemnde i artikkel 46, dersom slike finst tilgjengelege.

D. **Offentleg tilgang til informasjon**

Organisasjonen skal kunne vise overfor miljøkontrolløren at alle som er interesserte i miljøprestasjonen til organisasjonen, enkelt og utan kostnader kan få tilgang til den informasjonen som krevst i medhald av del B og C ovanfor.

Organisasjonen skal sikre at denne informasjonen er tilgjengeleg på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til medlemsstaten der organisasjonen er registrert, og eventuelt på det offisielle språket eller eitt av dei offisielle språka til dei medlemsstatane der det finst område som er omfatta av den samla registreringa.

E. **Ansvar på lokalt plan**

Det kan vere at organisasjonar som vert registrerte i EMAS, ønskjer å utarbeide ei samla miljøfråsegn som omfattar ulike geografiske stader.

Ettersom føremålet med EMAS er å sikre at det vert teke ansvar på lokalt plan, skal organisasjonane difor syte for at vesentlege miljøverknader frå kvart område er tydeleg fastsette og omtala i den samla miljøfråsegna.

VEDLEGG V

EMAS-LOGO



1. Logoen kan nyttast på alle dei 23 språkversjonane nedanfor, på det vilkåret at følgjande ordlyd vert nytta:

Bulgarsk:	‘Проверено управление по околна среда’
Tsjekkisk:	‘Ověřený systém environmentálního řízení’
Dansk:	‘Verificeret miljøledelse’
Nederlandsk:	‘Geverifieerd milieuzorgsysteem’
Engelsk:	‘Verified environmental management’
Estisk:	‘Tõendatud keskkonnajuhtimine’
Finsk:	‘Todennettu ympäristöasioiden hallinta’
Fransk:	‘Management environnemental vérifié’
Tysk:	‘Geprüftes Umweltmanagement’
Gresk:	‘επιθεωρημένη περιβαλλοντική διαχείριση’
Ungarsk:	‘Hitelesített környezetvédelmi vezétsi rendszer’
Italiensk:	‘Gestione ambientale verificata’
Irsk:	‘Bainistíocht comhshaoil fíoraithe’
Latvisk:	‘Verificēta vides pārvaldība’
Litauisk:	‘Įvertinta aplinkosaugos vadyba’
Maltesisk:	‘Immaniggjar Ambjentali Verifikat’
Polsk:	‘Zweryfikowany system zarządzania środowiskowego’
Portugisisk:	‘Gestão ambiental verificada’
Rumensk:	‘Management de mediu verificat’
Slovakisk:	‘Overené environmentálne manažérstvo’
Slovensk:	‘Preverjen sistem ravnanja z okoljem’
Spansk:	‘Gestión medioambiental verificada’
Svensk:	‘Verifierat miljöledningssystem’

2. Logoen skal nyttast anten

- i tre fargar (Pantone nr. 355 grøn, Pantone nr. 109 gul, Pantone nr. 286 blå),
- i svart,
- i kvitt, eller
- i ein gråskala.

VEDLEGG VI

OPPLYSNINGSKRAV FOR REGISTRERING

(opplysningar som skal gjevast når det er relevant)

1. ORGANISASJON

Namn

Adresse

Stad

Postnummer

Stat/delstat/region/autonomt område

Kontaktperson

Telefon

Telefaks

E-post

Nettstad

Offentleg tilgang til miljøfråsegn eller ajourført miljøfråsegn

a) i prenta form

b) i elektronisk form

Registreringsnummer

Dato for registrering

Dato for mellombels stryking av registrering

Dato for endeleg stryking av registrering

Dato for neste miljøfråsegn

Dato for neste ajourførte miljøfråsegn

Søknad om unntak i medhald av artikkel 7
JA – NEI

NACE-kode for verksemda

Tal på arbeidstakarar

Omsetning eller årsbalanse

2. OMRÅDE

Namn

Adresse

Postnummer

Stad

Stat/delstat/region/autonomt område

Kontaktperson

Telefon

Telefaks

E-post

Nettstad

Offentleg tilgang til miljøfråsegn eller ajourført miljøfråsegn

a) i prenta form

b) i elektronisk form

Registreringsnummer

Dato for registrering

Dato for mellombels stryking av registrering

Dato for endeleg stryking av registrering

Dato for neste miljøfråsegn

Dato for neste ajourførte miljøfråsegn

Søknad om unntak i medhald av artikkel 7
JA – NEI

NACE-kode for verksemda

Tal på arbeidstakarar

Omsetning eller årsbalanse

3. MILJØKONTROLLØR

Namnet til miljøkontrolløren

Adresse

Postnummer

Stad

Stat/delstat/region/autonomt område

Telefon

Telefaks

E-post

Registreringsnummeret til akkrediteringa eller
lisensen

Verkeområdet for akkrediteringa eller lisensen
(NACE-kodar)

Akkrediterings- eller lisensutferdingsorgan

Utferda i ... den .../.../20

Underskrifta til representanten for
organisasjonen

VEDLEGG VII

FRÅSEGN FRÅ MILJØKONTROLLØREN OM KONTROLL- OG GODKJENNINGSVERKSEMD

..... (namn).

med EMAS-miljøkontrollørregistreringsnummer

som har akkreditering eller lisens for følgjande verkeområde (NACE-kode)

stadfestar å ha kontrollert om området/områda eller heile organisasjonen slik det er ført opp i miljøfråsegna / den ajourførte miljøfråsegna(*) frå organisasjonen (namn)

med registreringsnummer (dersom det ligg føre)

oppfyller alle krava i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS).

Ved å skrive under på denne fråsegna, stadfestar eg at:

- kontrollen og godkjenninga er utført i fullt samsvar med krava i forordning (EF) nr. 1221/2009,
- resultatet av kontrollen og godkjenninga stadfestar at det ikkje er noko som tyder på manglande etterleving av dei gjeldande lovfesta miljøkrava,
- opplysningane og informasjonen i miljøfråsegna / den ajourførte miljøfråsegna(*) til organisasjonen/området(*) gjev eit påliteleg, truverdig og korrekt bilete av all verksemda i organisasjonen / ved områda(*), innanfor det verkeområdet som er nemnt i miljøfråsegna.

Dette dokumentet kan ikkje sidestillast med EMAS-registrering. EMAS-registrering kan berre tildelast av eit rett organ i medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009. Dette dokumentet skal ikkje nyttast aleine som ei melding til ålmenta.

Utferda i ... den .../.../20

Underskrift

.....
(*) Stryk det som ikkje høver

VEDLEGG VIII

JAMFØRINGSTABELL

Forordning (EF) nr. 761/2001	Denne forordninga
Artikkel 1 nr. 1	Artikkel 1
Artikkel 1 nr. 2 bokstav a)	—
Artikkel 1 nr. 2 bokstav b)	—
Artikkel 1 nr. 2 bokstav c)	—
Artikkel 1 nr. 2 bokstav d)	—
Artikkel 2 bokstav a)	Artikkel 2 nr. 1
Artikkel 2 bokstav b)	—
Artikkel 2 bokstav c)	Artikkel 2 nr. 2
Artikkel 2 bokstav d)	—
Artikkel 2 bokstav e)	Artikkel 2 nr. 9
Artikkel 2 bokstav f)	Artikkel 2 nr. 4
Artikkel 2 bokstav g)	Artikkel 2 nr. 8
Artikkel 2 bokstav h)	Artikkel 2 nr. 10
Artikkel 2 bokstav i)	Artikkel 2 nr. 11
Artikkel 2 bokstav j)	Artikkel 2 nr. 12
Artikkel 2 bokstav k)	Artikkel 2 nr. 13
Artikkel 2 bokstav l)	Artikkel 2 nr. 16
Artikkel 2 bokstav l) i)	—
Artikkel 2 bokstav l) ii)	—
Artikkel 2 bokstav m)	—
Artikkel 2 bokstav n)	Artikkel 2 nr. 17
Artikkel 2 bokstav o)	Artikkel 2 nr. 18
Artikkel 2 bokstav p)	—
Artikkel 2 bokstav q)	Artikkel 2 nr. 20
Artikkel 2 bokstav r)	—
Artikkel 2 bokstav s) første leddet	Artikkel 2 nr. 21
Artikkel 2 bokstav s) andre leddet	—
Artikkel 2 bokstav t)	Artikkel 2 nr. 22
Artikkel 2 bokstav u)	—
Artikkel 3 nr. 1	—
Artikkel 3 nr. 2 bokstav a) første leddet	Artikkel 4 nr. 1 bokstav a) og b)
Artikkel 3 nr. 2 bokstav a) andre leddet	Artikkel 4 nr. 3
Artikkel 3 nr. 2 bokstav b)	Artikkel 4 nr. 1 bokstav c)
Artikkel 3 nr. 2 bokstav c)	Artikkel 4 nr. 1 bokstav d)
Artikkel 3 nr. 2 bokstav d)	Artikkel 4 nr. 5
Artikkel 3 nr. 2 bokstav e)	Artikkel 5 nr. 2 første leddet, artikkel 6 nr. 3
Artikkel 3 nr. 3 bokstav a)	Artikkel 6 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 3 nr. 3 bokstav b) første punktumet	Artikkel 6 nr. 1 bokstav b) og c)
Artikkel 3 nr. 3 bokstav b) andre punktumet	Artikkel 7 nr. 1
Artikkel 4 nr. 1	—
Artikkel 4 nr. 2	Artikkel 51 nr. 2
Artikkel 4 nr. 3	—
Artikkel 4 nr. 4	—

Forordning (EF) nr. 761/2001	Denne forordninga
Artikkel 4 nr. 5 første punktumet	Artikkel 25 nr. 10 første leddet
Artikkel 4 nr. 5 andre punktumet	Artikkel 25 nr. 10 andre leddet, andre punktumet
Artikkel 4 nr. 6	Artikkel 41
Artikkel 4 nr. 7	—
Artikkel 4 nr. 8 første leddet	Artikkel 30 nr. 1
Artikkel 4 nr. 8 andre leddet	Artikkel 30 nr. 3 og 5
Artikkel 4 nr. 8 tredje leddet, første og andre punktumet	Artikkel 31 nr. 1
Artikkel 4 nr. 8 tredje leddet, siste punktumet	Artikkel 31 nr. 2
Artikkel 5 nr. 1	Artikkel 11 nr. 1 første leddet
Artikkel 5 nr. 2	Artikkel 11 nr. 3
Artikkel 5 nr. 3 første punktumet	Artikkel 12 nr. 1
Artikkel 5 nr. 3 andre punktumet, første strekpunktet	Artikkel 12 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 5 nr. 3 andre punktumet, andre strekpunktet	Artikkel 12 nr. 1 bokstav b)
Artikkel 5 nr. 4	Artikkel 11 nr. 1 andre og tredje leddet
Artikkel 5 nr. 5 første punktumet	Artikkel 16 nr. 1
Artikkel 5 nr. 5 andre punktumet	Artikkel 16 nr. 3 første punktumet
Artikkel 5 nr. 5 tredje punktumet	Artikkel 17 nr. 1
Artikkel 5 nr. 5 fjerde punktumet	Artikkel 16 nr. 3 andre leddet, og artikkel 16 nr. 4 andre leddet
Artikkel 6 nr. 1	Artikkel 13 nr. 1
Artikkel 6 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 13 nr. 2 bokstav a), og artikkel 5 nr. 2 bokstav a)
Artikkel 6 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 13 nr. 2 bokstav a), og artikkel 5 nr. 2 bokstav c)
Artikkel 6 nr. 1 tredje strekpunktet	Artikkel 13 nr. 2 bokstav f), og artikkel 5 nr. 2 bokstav d)
Artikkel 6 nr. 1 fjerde strekpunktet	Artikkel 13 nr. 2 bokstav c)
Artikkel 6 nr. 1 andre leddet	Artikkel 13 nr. 2 første punktumet
Artikkel 6 nr. 2	Artikkel 15 nr. 3
Artikkel 6 nr. 3 første strekpunktet	Artikkel 15 nr. 3 bokstav a)
Artikkel 6 nr. 3 andre strekpunktet	Artikkel 15 nr. 3 bokstav b)
Artikkel 6 nr. 3 tredje strekpunktet	—
Artikkel 6 nr. 3 siste punktumet	Artikkel 15 nr. 8
Artikkel 6 nr. 4 første leddet	Artikkel 15 nr. 2
Artikkel 6 nr. 4 andre leddet	Artikkel 15 nr. 4
Artikkel 6 nr. 5 første punktumet	Artikkel 15 nr. 6
Artikkel 6 nr. 5 andre punktumet	Artikkel 15 nr. 8 og 9
Artikkel 6 nr. 6	Artikkel 15 nr. 10
Artikkel 7 nr. 1	Artikkel 28 nr. 8
Artikkel 7 nr. 2 første punktumet	Artikkel 12 nr. 2
Artikkel 7 nr. 2 andre punktumet	Artikkel 12 nr. 3
Artikkel 7 nr. 3	Artikkel 42 nr. 2 bokstav a)
Artikkel 8 nr. 1 første punktumet	Artikkel 10 nr. 1
Artikkel 8 nr. 1 andre punktumet	Artikkel 10 nr. 2
Artikkel 8 nr. 2	—
Artikkel 8 nr. 3 første leddet	Artikkel 10 nr. 4
Artikkel 8 nr. 3 andre leddet	—
Artikkel 9 nr. 1, det innleiande punktumet	Artikkel 4 nr. 3

Forordning (EF) nr. 761/2001	Denne forordning
Artikkel 9 nr. 1 bokstav a)	Artikkel 45 nr. 4
Artikkel 9 nr. 1 bokstav b)	Artikkel 45 nr. 4
Artikkel 9 nr. 1 andre leddet	Artikkel 45 nr. 5
Artikkel 9 nr. 2	—
Artikkel 10 nr. 1	—
Artikkel 10 nr. 2 første leddet	Artikkel 38 nr. 1 og 2
Artikkel 10 nr. 2 andre leddet, første punktumet	Artikkel 41
Artikkel 10 nr. 2 andre leddet, andre punktumet	Artikkel 47
Artikkel 11 nr. 1 første leddet	Artikkel 36
Artikkel 11 nr. 1 første strekpunktet	Artikkel 36 bokstav a)
Artikkel 11 nr. 1 andre strekpunktet	Artikkel 36 bokstav c)
Artikkel 11 nr. 1 tredje strekpunktet	Artikkel 36 bokstav b)
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet, første punktumet	Artikkel 37 nr. 1
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet, andre punktumet	—
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet, tredje punktumet	Artikkel 37 nr. 2
Artikkel 11 nr. 1 andre leddet, fjerde punktumet	Artikkel 37 nr. 3
Artikkel 11 nr. 2	Artikkel 43 nr. 2
Artikkel 11 nr. 3 første punktumet	Artikkel 41 nr. 2
Artikkel 11 nr. 3 andre punktumet	Artikkel 47
Artikkel 12 nr. 1 bokstav a)	—
Artikkel 12 nr. 1 bokstav b)	Artikkel 35 nr. 1
Artikkel 12 nr. 1 andre leddet	—
Artikkel 12 nr. 2	Artikkel 41 nr. 2
Artikkel 12 nr. 3	—
Artikkel 13	Artikkel 40 nr. 1
Artikkel 14 nr. 1	Artikkel 49 nr. 1
Artikkel 14 nr. 2	—
Artikkel 14 nr. 3	—
Artikkel 15 nr. 1	Artikkel 50
Artikkel 15 nr. 2	Artikkel 48
Artikkel 15 nr. 3	—
Artikkel 16 nr. 1	Artikkel 39 nr. 1
Artikkel 16 nr. 2	Artikkel 42 nr. 2
Artikkel 17 nr. 1	—
Artikkel 17 nr. 2, 3 og 4	Artikkel 51 nr. 2
Artikkel 17 nr. 5	—
Artikkel 18	Artikkel 52